

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i kontrollutvalet – Jølster kommune

Utval: Kontrollutval – Jølster kommune
Møtedato: 17.12.2012
Møtetid: Kl. 12.00
Stad: Møterom 1
Møtenr.: 4/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, rådmannen i sak (23 og 24/12) og revisor sak i (23/12 og 24/12).

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemmer (varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon eller 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

021/12: Godkjenning av sakliste og møteinnkalling.
022/12: Skriv og meldingar.
023/12: Overordna analyse – Jølster kommune.
024/12: Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.
025/12: Plan for selskapskontroll – Jølster kommune..
026/12: Oppfølgingsliste 4-2012 – Jølster.
027/12: Eventuelt.

Jølster, 10.12.2012.

Audun Høyvik (s)
-leiar-


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

021/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.12.2012	021/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

022/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.12.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.12.2012	022/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 22-12 Vedtak kst sak 067/12 – Forvaltningsrevisjon – Omlegging av PLO.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 22-12

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	13.11.2012	067/12	AHE

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, FA-	Arkivsaknr 10/234
----------------------------------	-----------------------	----------------------

Forvaltningsrevisjon - omlegging av PLO

Vedlegg:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.10.2012 13:51:06	Forvaltningsrevisjonsrapport-verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006	34137
07.11.2012 15:23:24	Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg.pdf	35397

Saksutgreiing:

Vi viser til rapporten som er utarbeidd av Kryss revisjon og til kontrollutvalet si handsaminig den 28. september 2012

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

-Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

-Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

067/12: Forvaltningsrevisjon - omlegging av PLO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

-Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

Handsaming i Kommunestyret 13.11.2012:

Venstre ba om gruppemøte.

Framlegg frå Venstre:

Vi ber om at administrasjonen sender rapporten tilbake og ber dei komme med klarare konklusjonar som kan nyttast vidare i utvikling av tenesta. Vi ber om at vi blir samanlikna med samanliknbare kommunar.

Arbeidarpartiet ba om gruppemøte.

Framlegg frå Senterpartiet

-Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

-Funn i rapporten som framleis er relevante skal brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

Avrøysting

Framlegg frå Venstre: Fekk 9 røyster og fall.

Framlegg frå Senterpartiet:

Det vart røysta punktvis:

Punkt 1 vart vedteke mot 4 stemmer

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

KST-067/12 Vedtak:

Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012.

-Funn i rapporten som framleis er relevante skal brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.03.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - kommunestyrevedtak
2	U	13.04.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - kommunestyrevedtak - svar
3	U	27.04.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjon - omlegging av PLO -utsending av rapport frå styringsgruppa
4	I	29.04.2010	SEKOM- sekretariat	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - vurdere nytte av omlegging innan PLO - vedtak i Kontrollutvalet
5	I	28.09.2012	SEKOM-sekretariat	Forvaltningsrevisjonsrapport- verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006

023/12 OVERORDNA ANALYSE– JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 07.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.12.2012	023/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Oversendingsbrev frå KRYSS-revisjon til Kontrollutvalet i Jølster kommune, datert 27. november 2012.
- Dokumentet «Overordnaanalyse for Jølster kommune» med vedlegg, datert 09.11.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 021/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Jølster kommune» med vedlegg, datert 09.11.2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som eiga sak på neste møte.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

OVERORDNA ANALYSE– JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: ”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalssak 021/11 ”Overordna analyse”, vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå KRYSS-revisjon.

Vi vel å handsame overordna analyse i eit møte før møtet om plan for forvaltningsrevisjon for å gje kontrollutvalsmedlemene høve til å setje seg godt inn i overordna analyse og ha høve til, etter at overordna analyse er presentert av revisor, å tenkje gjennom kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein bør prioritere i plan for forvaltningsrevisjon.

KRYSS-revisjon har no utarbeidd overordna analyse. Denne er datert 09.11.2012. KRYSS-revisjon presenterer overordna analyse i møtet.

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Denne vert lagt fram i eiga sak. Kontrollutvalet si oppgåve vil vere å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2012 – 2016 Jølster kommune», i denne omgong gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet i Jølster kommune
v/SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Dykkar ref.: Vedtak KU i Jølster , Bestilling Kontrollutvalet
Vår ref. : \\f:\overordnaanalyse Jølster
Arkivkode : 216
Journalnr. : 043 / 2012
Dokumentdato: 27. november 2012

OVERORDNA ANALYSE, 1431 JØLSTER KOMMUNE

Det vert vist til vedtak i kontrollutvalet i Jølster og til bestilling av 'overordna analyse' for Jølster kommune. Det er bedt om at KRYSS Revisjon skulle ta på seg dette arbeidet og få utarbeidd ein ny overordna analyse som skal kunne nyttast som grunnlagsmateriale for utarbeiding av ei plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll/selskapskontroll i Jølster kommune inneverande valperiode.

I vårt arbeid har vi innhenta oppdatert informasjon frå administrasjonen i kommunen. Vi viser i den samanheng til vårt skriv av 07.02.12 til rådmannen. Vi viser også til rådmannen sitt svar pr. e-post tilbake til oss, m/vedlegg, d. 26.10.12, og i e-post av 26.11.12. Dokument er teke inn som vedlegg, men ikkje alle vedlegg i rådmannen si tilbakemelding er lagt ved her. Vi viser til tekstdelen i sjølve analysedokumentet og dei vedlegg vi har funne nødvendig å legge ved; jfr. Også opplistinga under 'innhald', side 2. Vår opplisting i punkt 5.2, bakerst i analysedokumentet må sjåast i samanheng med rådmannen sine innspel.

Det har vore eit omfattande kartleggingsarbeide der ein har prøvd å halde fokuset på eit overordna nivå slik forskriftene stiller krav om. Dette har vore ein vanskeleg balansegang, men det er vår oppfatning at det som følgjer i den utarbeidde dokumentasjonen og analysedokumentet skal kunne vere tilstrekkeleg som eit grunnlagsmaterialet for kontrollutvalet og kommunestyret sitt vidare arbeid med å velje ut konkrete kontrollområder/forvaltningsrevisjonar.

Utfordringane vil vere å velje ut dei riktige kontrollområda og det/dei riktige prosjekt med rett fokus som har nytteverdi for forvaltninga og kommunen. Vi minner om at dei folkevalde kan velje ut andre prosjekt enn kva som er nemnde i vedlagde dokument, dersom det er ønskeleg. Her står både kontrollutvalet og kommunestyret fritt i kva form, omfang og innhald ein forvaltningsrevisjon skal ha og korleis den skal gjennomførast.

Vi vil kunne vere til stades i kontrollutvalet og/eller kommunestyret når denne saka kjem til handsaming. Vi vil kunne gå gjennom arbeidet som er gjort og gje nærmare informasjon om innhaldet i det som ligg føre, dersom dette er ønskjeleg.


Det vert gjort merksam på at den utarbeidde overordna analysen for Jølster kommune har vore til verifikasjon hos rådmannen, etter at vi sende dokumentet m/vedlegg over til han pr. e-post den 15.11.12, og det ligg føre tilbakemelding frå rådmannen i Jølster pr. e-post av 26.11.12. Desse dokumenta sender vi også med over til kontrollutvalet her.

Vi sender med dette over det analysedokument som er utarbeidd frå vår side, m/vedlegg. Vi håper De er nøgde med det som ligg føre og at dette er tilstrekkeleg for Dykkar vidare arbeid.

Kopi av dette skriv, samt analysedokumentet m/vedlegg, er oversendt rådmannen og ordføraren.

f.t. Florø, den 27. november 2012

Med hëlsingannerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde



Terje Førde leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

VEDLEGG .

Overordna analyse, d. 09.11.12, m/vedlegg

Kopi: Ordføraren i Jølster
Rådmannen i Jølster


Dykkar ref.:
Bestilling Kontrollutvalet

Vår ref.:
\\overordnaanalyse\Jølster

Arkivkode:
216

Journalnr.:
040 / 2012

Dokumentdato:
9. nov. 2012



OVERORDNA ANALYSE
GRUNNLAGSMATERIALE FOR
PLAN FOR GJENNOMFØRING AV
FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT



- JØLSTER KOMMUNE -
2012

Innhald

1	Bakgrunn	side 1
2	Føremål	side 2
3	Korleis er rullering av overordna analyse utført	side 3
3.1.	Modell	side 3
	Kommunen sin verdikjede	side 4
	Politisk og administrativ organisering i Jølster	side 5
3.2.	Risiko	side 6
3.3.	Identifisering av risikoområde i kommunen	side 6
4	Risikoområder i Jølster kommune	side 7
4.1.	Produktivitet	side 7
4.2.	Oppfølging av vedtak	side 12
4.3.	Økonomistyring	side 12
4.4.	Måloppnåing	side 15
5	Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt	side 16
5.1.	Kort om planen	side 16
	5.1.1. Selskapskontroll	side 17
	5.1.2. Sluttord	side 17
5.2.a.	Oversikt over mogleg innhald i plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Jølster kommune	side 18-25
5.2.b.	Oversikt over verksemdar/selskap som Jølster kommune er deltakar/medeigar i	side 26

VEDLEGG:

Organisasjonskart, politisk organisering 2012

Organisasjonskart, administrativ organisering 2012

Hovudoversikter Jølster kommune sin årsrekneskap pr. 31.12.2011

- hovudoversikt driftsrekneskapen
- hovudoversikt investeringsrekneskapen

Hovudoversikter/samandrag og kakediagram, utgifter og inntekter, i Jølster 2011

Teknisk risiko- og vesentlegheitsvurderingar, revisjonsabstrakter 2012 m/kakediagram

Revisjonsberetning 2011

Revisor sitt brev av 07.02.12 til rådmannen vedr. informasjonsinnhenting overordna analyse

Svar i e-post av 26.10.12 frå konstituert rådmann, m/vedlegg, tertialrapport pr. september 2012

Oversikt og samanhengar, plan og styringssystem i Jølster kommune

«10 på topp» - sak i Jølster Formannskap

Jølster kommune - Eigarskapsmelding

Revisorbrev av 06.01.12 vedr. rådmannen si vurdering av risiko for misleghald i kommunen

Rådmannen sitt svarbrev av 06.03.12 vedr. rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald

Ikkje vedlagte dokument:

Interne styringsdokument; delegasjonsreglement, økonomireglement, finansreglement, m.v.

KOSTRA-nøkkeltal pr. 31.12.2011 (ref. www.ssb.no \ `Jølster`)

Fylkesmannen sine tilsynsrapportar kring særlovgevinga (ref. www.fylkesmannen.no `Jølster`)

Årsbudsjett, årsrekneskap og årsmeldingar, Økonomiplan 2013 – 2016, Jølster kommune

Dokument frå Tenesteleiarmøte i Jølster kommune 09.11.2012, planar om omorganisering, m.v.

Kommunedelplanar/Sektorplanar

Kommunestyret og Kontrollutvalet sine møteprotokollar

Overordna analyse 2008 m/vedlegg

1 Bakgrunn

Hausten 2008 utarbeidde KRYSS Revisjon ein overordna analyse for Jølster kommune sitt kontrollutval. Denne vart seinare handsama av både kommunen sitt kontrollutvalet og av Kommunestyret i Jølster. Dokumentet vart nytta som grunnlag for utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll. Dagens forskrifter stiller krav om rullering av analysedokumentet og at det skal vedtakast ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon for inneverande kommunevalperiode.

Kontrollutvalet v/SEKOM-sekretariat har teke opp spørsmålet om å få utarbeidd ein overordna analysen for Jølster kommune, der kommunerevisjonen er beden om å gjennomføre dette arbeidet.

I forskrifter for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004, er det lagt opp til at kontrollutvalet minst ein gong i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen bør rullerast, og grunnen til dette er at kommunane stadig er under omstilling og står overfor stadig større utfordringar, der nye oppgåver og ansvar blir tillagt kommuneforvaltninga. Risikoområda vil såleis kunne vere under kontinuerleg endring.

Forskriftene stiller krav om at *planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt* skal byggje på ei *overordna analyse* av kommunen si verksemd ut frå vurderingar av risiko- og vesentlegheit. Oppgåva er forholdsvis ny og ansvaret for både den overordna analysa og utarbeiding av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskaps-/selskapskontroll er lagt til kommunen sine øverste tilsynsorgan; dvs. Jølster kommunesstyre og kommunen sitt kontrollutval.

Tilsynsforskrifter for kommunane sine kontrollutval og revisjon, er tiltak frå lovgjeverane for å forsterke forvaltningsrevisjonen med tanke på auka kvalitet, omfang og effektivitet i den kommunale tenesteproduksjon, og den kommunale forvaltninga generelt. Som ein del av dette er ansvaret for forvaltningsrevisjon lagt til kontrollutvalet som må bestille dei konkrete forvaltningsrevisjonstenestene, følgje opp gjennomføringa av prosjekta, og rapportere tilbake til kommunestyret/bystyret.

Ein har i dette arbeidet bygt vidare på det analysedokumentet som låg føre hausten 2008, der revisjonen sin kunnskap og innsikt om kommunane og kommuneforvaltninga er samordna kommune for kommune, samstundes som ein også har innhenta ytterlegare informasjon og kunnskap/dokumentasjon frå kommunen sin administrasjon. Ein har i dette arbeidet vore i drøftingsmøte/samtaler med kommuneleiinga og rådmannen i Jølster om saka. Ein har i dette arbeidet også nytta seg av informasjon via KOMmunal og STATleg RAPportering (=KOSTRA-informasjon, økonomi- og tenestedata som kommunen sjølv har rapportert inn i databasen), og også fletta inn grunnlagsmateriale og revisjonsfaglege vurderingar som kommunen sine revisorar nyttar i sine prioriteringar og vurderingar i høve utarbeiding av ein *årleg* revisjonsplan for kommunen. Med bakgrunn i dette materialet gjorde revisjonen eit forholdsvis omfattande arbeid ved første gongs framskaffing av informasjon til, og for å utarbeide, ei overordna analyse av Jølster kommune, og konkluderte på dette. Det er eit omfattande materiale som er gjennomgått på nytt, saman med ny informasjon, og som er oppdatert og innhenta frå rådmannen, og samanfatta i dette dokument. Bakerst, som vedlegg, ligg det føre nokre framlegg til moglege innspel og idèar til ein årsplan for forvaltningsrevisjon. Det ligg også ved eit eige skriv i e-post med vedlegg, frå konstituert rådmannen i Jølster kommune. Dette låg først føre 26.10.12, og skuldast bl.a. at rådmannen gjekk bort og at det har vore føreteke konstituering i stillinga. Tilbakemeldinga frå rådmannen er teke inn som vedlegg til analysedokumentet. Ein viser spesielt til saka om «10 på topp», som har vore til politisk drøfting og

somer vedteken. Denne gjev føringar for prioriterte oppgåvere og utfordringar i komande år, og den vedtekne lista som er oversendt revisjonen har også i seg statusen i desse sakene pr. august 2012. Ein skal også merke seg at det i 2012 er føreteke endringar i tertialrapporteringane ved at ein no i tillegg til økonomiske rapporteringar også rapporterer i høve målsetningane som er forankra i den vedtekne verksemdplanen for kommunen.

Det ligg utfordringar i dette for både kontrollutvalet og kommunestyret å velje ut forvaltningsrevisjonsprosjekt som har effektar på forvaltningsapparatet i form av kvalitetsheving og læring. Kontrollutvalet og kommunestyret i Jølster kommune står heilt fritt i sine vurderingar/prioriteringar, og kan velge ut det ein måtte ønskje å sjå nærmare på. Det er imidlertid eit krav i gjeldande forskrifter at det skal gjennomførast minst eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt i kvar kommune kvart år. I forhold til intensjonen i dei samarbeida som er etablert i høve økonomiske motiv og føresetnader, bør ein vurdere samordning kommunar imellom med tanke på *gjenbruk og fleirbruk* (synergieffektar i arbeidet, osv.); - dette ikkje minst med tanke på kost-/nytte-effektar og ressursbruk i høve tilsyns- og kontrollfunksjonane.

2 Føremål

Hensikta med forvaltningsrevisjon er m.a. å bidra til ei betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det blir utført forvaltningsrevisjon, vert det sett fokus på økonomi og måloppnåing i ein vid forstand. Med henvisning til Kommunelova § 77, nr. 4, kan *forvaltningsrevisjon* definerast som "*systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar*".

Forvaltningsrevisjon fekk sin heimel ved endringar i Kommunelova allereide den 23.09.1992, (Ny Kommunelov, med verknad frå 01.01.93), og sidan den tid har ein stadig større del av revisjonen sine ressurser blitt nytta til den type revisjonsarbeid. Ved endringar av Kommunelova frå 01.07.2004, blei dette ytterlegare forsterka, med eit nytt *Kapittel 12, om Tilsyn og kontroll*, der det også er utarbeidd nye forskrifter for revisjon av kommunar og om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar for tilsyn og kontroll i eigen kommune. Det øverste tilsynsansvar i kommunen er sterkt påpeika i lovendingane, og dette påkvider heilt og fullt "*kommunestyret sjølv*"; - dvs. i Jølster kommune: Jølster kommunestyre (§ 76), som har kontrollutvalet (§ 77) og revisor (§§ 78 og 79) som sine verktøy for å utføre den nødvendige kontroll og det nødvendige tilsyn med både eigenforvaltninga, og selskapskontroll (§ 80) i dei verksemdar der kommunen har særleg interesser eller er deltakar eller har (med-)eigarskap i.

Behovet for forvaltningsrevisjon er stort, men varierer også stort frå kommune til kommune. Mykje avhenger her også kva *appetitt kommunen sitt kontrollutval* har til dette. Ein kommune står overfor betydelege utfordringar. Sentrale myndigheiter, og også innbyggjarane, stiller stadig større krav til kvalitet. Myndigheitene stiller også større krav til økonomisk effektivitet og at kommunane vert drifta kostnadseffektivt. I tillegg har ein marknaden som bidreg til auka konkurransen om kompetansen i den offentlege forvaltninga. Det er også eit faktum at det i det offentlege har vore, og framleis er, eit manglande samsvar mellom mål og ressursar.

Dette betyr at kommunen må fokusere meir på styring. Dei politiske styringsorgan og forvaltninga elles (administrasjonen i kommunen) må styre etter fleire variablar (ikkje berre økonomiske data). Dei må ha tettare rapporteringar, kvalitet i rapporteringane, ei tettare oppfølging med tiltak, og ei stramare evaluering av måloppnåinga og ikkje minst ha ein reiskap for å handtere avvik. Det blir såleis stillt større krav til kommunalt leiarskap og kommunalt (offentleg) eigarskap.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidreg tilsynsorgana – revisjonen og kontrollutvalet - til

- å synleggjere forbetningsområder som kan bidra til auka produktivitet og måloppnåing i forhold til politiske vedtak, intensjonar og føresetnader
- å bidra med informasjon til kommunen sine beslutningstakarar, som kan vere til nytte for
 - I. kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga
 - II. leiinga si vurdering av moglegheiter for meir sparsom/økonomisk drift, auka produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing

Identifisering og utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt er viktig slik at ressursane vert sett inn på rett område, og kommunen får prosjekt med høg nytteverdi, dvs. at forvaltningsrevisjonen gjev effektar i form av organisasjonsmessig læring og utvikling i kommunen.

Tilbakemeldingar frå kontrollutval og administrasjonen i kommunane er at denne type revisjon er interessant og nyttig.

KRYSS Revisjon ønskjer å levere forvaltningsrevisjonsprosjekt som betyr noko for kommunen, dei folkevalde, administrasjonen og innbyggjarane !

3 Korleis er rulleringa av overordna analysa utført?

3.1 Modell

Den overordna analysa har teke utgangspunkt i modellen som er presentert i figuren nedanfor (sjå neste side). Til grunn ligg ei tradisjonell verdikjedeanalyse, som vi har tilpassa den kommunale organiseringa. For å identifisere truslar kommunen står overfor, har ein nytta seg av erfaringar frå tidlegare revisjon og den kunnskap og innsikt kommunerevisor sit inne med om kommunen. Sentralt her er også informasjon frå rådmannen og tenesteeiningane. I tillegg er det lagt opp til bruk av ein del nøkkeltal frå KOSTRA-rapporteringane (økonomi- og tenestedata). KOSTRA står for KOMmunal og STATleg RAPportering, og er eit nasjonalt rapporteringssystem der alle kommunar og fylkeskommunar i landet rapporterer rekneskaps- og tenestedata til ein felles informasjonsdatabase i Staten. Analysedokumentet bygger for øvrig på moment henta frå anerkjent teori og internasjonale standardar; jamfør revisjonen sine interne arbeidsdokument i høve produksjon av årlege revisjonsplaner overfor kommunen.

Det har i tillegg vore eit godt samarbeid mellom revisor og administrasjonen der ein har utveksla kunnskap om *oppdraget Jølster kommune*. Ein har også prøvd å få fram kva kommunen sitt kontrollutval har ønskjer og målsettingar om i komande år når det gjeld forvaltningsrevisjon. Revisor har i skriv av 06.02.12 til rådmannen utfordra kommuneleiinga på å kome med innspel på områder som administrasjonen ser det ønskjeleg å få undersøkt nærmare, og kanskje gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt på. Ein har hatt møte/samtale med rådmannen kring dette, med siktemål å klargjere roller og ansvar og for å få oversikt over dei styringsdokument som gjeld, samt korleis den politiske og administrative organisasjonsstruktur faktisk ser ut idag. Etersom rådmannen gjekk bort, og det har vore føreteke konstituering i stillinga har ei nødvendig tilbakemelding frå administrativ leiing lete vente på seg. Slik tilbakemelding ligg føre pr. e-post av 26.10.12. Tilbakemeldinga og nokre av vedlegga er i si heilheit teke med som vedlegg til analysedokumentet. Ein viser til dette.


Det er i ei viss grad bygt vidare på sentrale styringsdokument som gjev føringar på korleis Jølster kommune skal driftast, bl.a. årlege bindande årsbudsjett, økonomi- og handlingsplanar, årshjulet, årsrapportar/årsmeldingar, revisjonsberetningar og revisjonspapirer over fleire år,

kontrollutvalet sine møtekart/saker dei siste åra, spesiell saker, revisjonsrapportar, Fylkesmannen sine tilsynsrapportar på ulike felt, KOSTRA-data, m.v. Alle innspel og refererte dokument er det i ei viss grad teke omsyn til, men vektlagt på ulikt vis. Det er eit forholdsviss omfattande bakgrunnsmateriale som er underliggende for det dokument som er samanfatta frå revisor si side, der fokuset heile vegen har teke utgangspunkt i *risikoforhold og vesentlegheit*, samstundes som ein bevisst har halde fokuset på eit *overordna nivå* slik forskriftene stiller krav om. Dette kan vere ein vanskeleg øvelse og ein vrien balansegang. Utfordringane her ligg imidlertid til kontrollutvalet og kommunestyret å velge ut *riktige* kontrollobjekt med *rett fokus*, der 'dypdykk' inn i *kommuneforvaltninga* skal gjennomførast som egne forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Iflg. kommunelova vil den overordna målsettinga til kommunen vere *rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale ressursar og fellesinteresser*. For å nå dette målet må kommunen ha

- ☉ ei god måloppnåing
- ☉ rett oppfølging av vedtak
- ☉ god økonomisk styring og
- ☉ ein optimal produktivitet


Desse fire forholda blir vidare definert som føresetnader for å nå hovudmålet. Nedanfor viser vi desse forholda i ein figur som viser kommunen sin verdikjede:




I verdikjeden blir verdiane i kommunen skapt. Verksemda/kommunen sine primæraktivitetar ligg i verdikjeda. "Input" (innsatsfaktorane) er til dømes tilsette, utstyr, bygningar og kapital. Aktivitetane er dei arbeidsoppgåvene som tilfører verdi til dei ulike tenestene ("output").

Støttefunksjonar er funksjonar som gjer at kommunen er i stand til å utføre primærfunksjonane. Dette er styring, organisering og leiing, rutinar, prosedyrer, prosessar og system, kultur/væremåte og haldningar. I tillegg må ein kommune kunne forhalde seg til rammevilkår og samfunnsmessige forhold, t.d. ytre faktorar gjevne av Staten, og krav og rettigheter frå brukarane av dei kommunale tenester (innbyggjarane i kommunen). Endringar i rammevilkår kan vere endringar i rammeoverføringar, budsjettbevilgningar, og endringar i rente-/ eller løns- og prisnivå, m.v.

Politisk organisering



Jølster kommune - organisasjonskart november 2011



I ei viss grad er det er lagt opp til bruk av KOSTRA-data for å identifisere risiko knytta til dei ulike føresetnadene. Dette blir gjort ved ei benchmarkanalyse (samanlikning) av sentrale nøkkeltal i kommunane, samanliknbare kommunar, osv. Dette er økonomi- og tenestedata som

kommunane sjølve har rapportert inn til den sentrale databasen; - gjennom kvartalsvis og årlege innrapporteringar. *Frå revisor si side er det nytta reint revisjonsfaglege vurderingar og skjønn i høve risiki og vesentlegheitsvurderingar knytta til kommunen si forvaltning.* Desse vurderingane er tekne inn i eit *teknisk risikovurderingsskjema* (som i seg sjølv er eit dokument unnateke offentlegheit) forbeholdt *oppdragsansvarleg revisor* (administrasjonen har ikkje innsynsrett i revisjonsplandokument), men totalkonklusjonane og prioriteringane som revisor har gjort i høve risiki- og vesentlegheitsforhold, er i ei viss grad hensynteke i det som ligg føre her. Desse er visualisert gjennom eit kakediagram med dei abstrakte talstørrelsar, og viser risiki- og vesentlegheitsforholda, vurdert frå revisor sin ståstad. Dette følgjer som vedlegg i dette dokument.

3.2 Risiko

Risikovurderingar og målsettingar heng nøye saman. Ei risikovurdering består av å identifisere relevante truslar når det gjeld oppnåing av kommunen sine målsettingar. Ein risiko i denne samanheng tyder berre at det er ei moglegheit for tap; - ikkje oppfylling av mål.

Det finst, eller bør finnast, ei rekke målsettingar i kommunen. Målsettingar kan vere kommunen sine strategiar og verdiar eller målsettingar for dei einskilde tenestene, for rekneskapsrapportering, eller generelt for å halde drifta innan lover og reglar og vedtak. Årsmeldinga til Jølster kommune for 2011 er eit fyldig og informativt dokument som har i seg omtaler og vurderingar kring kommunen sine målformuleringar og måloppnåing i 2011. I 2012 har kommunen gjort endringar i tertialrapporteringane, der ein ikkje berre skal rapportere på økonomiske og budsjettkontroll/-avvik, men også rapporterer på status i høve mål i årsbudsjettet/verksemdplanen.

Det er kommunen sitt interne kontrollsystem (administrative rutinar) som skal identifisere/avdekke og motverke risikoforhold. Risiko kan skuldast både eksterne og interne faktorar. Eksterne faktorar kan vere ny lovgjeving eller nye reguleringar/endringar, reformer eller omstillingar, ny-organisering, etc., som gjer at driftsplanar, delegasjon, rammeverk, sentrale styringsdokument og strategiar må endrast. Det kan også ha med økonomiske endringar å gjere. Desse kan ha innverknad på avgjerdsler/beslutningar om finansiering eller kapitalutgifter. Interne faktorar kan vere eit samanbrot i IKT-systema, nedetid, e.l. Dette kan ha stor innverknad på drifta eller endringar i leiinga som påverkar måten einskilde kontrollrutiner vert utført på.

Etter å ha identifisert ein trussel, må ein vurdere kor stor risikoen er. Ein trussel som ikkje har nokon betydning eller konsekvens for kommunen, og som med lav sannsynlegheit vil inntreffe, er det mindre grunn til å uroe seg over. Risikoen vert difor fastsett av to forhold; *konsekvensen og kor vesentleg eit forholdet er, og kor sannsynleg det er at dette vil kunne skje.*

3.3 Identifisering av risikoområde i kommunen

Den overordna analysa består i å identifisere eksterne og interne faktorane som utgjer risiko for at kommunen ikkje skal nå føresetnadene. Det er eigenskapar ved dei fire støttefunksjonane som avgjer kva slags risiko det t.d. er for at kommunen ikkje har ei god økonomistyring.

Analysa er utført ved hjelp av eit forholdsvis detaljert skjema knytta til kvar av dei fire føresetnadene. Revisor sine vurderingar er vertikalt knytta til dei ulike forvaltningsområda, på tvers av organisasjonsstrukturen, og er talfesta. *Om kommunen har formulert strategiar/overordna mål for den økonomiske utviklingen inneværende år, og på lengre sikt, er eit spørsmål som revisor stiller for å finne ut om styringa, og måten styringa skjer på, er eit risikotil-*

høve i seg sjølv. Utover det som følgjer med som vedlegg til konstituert rådmann si tilbake-melding til revisor i e-post av 26.10.12, er det frå revisor si side innhenta særskilt eit eige strategidokument for det som gjeld "IKT-strategi for SYS-kommunane for perioden 2010 – 2013" (som Jølster er deltakar og medeigar i). I dokumentasjonen som er innhenta frå konstituert rådmann ligg det føre eit eige dokument, med nemninga «Jølster kommune, Eigarskaps-melding», dagsett 22.08.12. Desse dokumenta er tekne inn som referansedokument i saka. Forhold som seier noko om kva slags risiko rutinar og system utgjer i forhold til god økonomistyring, vert vurdert mot omfanget og kvaliteten på dei rutinar og kontrolltiltak som skal sikre korrekt økonomisk informasjon til rett tid.

Utfyllinga av det tekniske risikovurderingsskjemaet er gjort ved samtaler revisjonsteamet imellom (heri oppdragsansvarleg revisor), der ein også har lagt til grunn informasjonsinnhenting som ligg føre frå kommuneadministrasjonen.

Dette betyr at det i det alt vesentlege er lagt opp til ei besvaring basert på den erfaring, kunnskap og innsikt kommunen sine revisorarar har om kommunen, med supplement frå det administrasjonen har gjeve i sine tilbakemeldingar. Det må her også nemnast at sentrale kommunale dokument som årsbudsjett, årsrekneskap, årsmeldingar og plandokument, etc., er gjennomgått for innhenting av naudsynt informasjon. Risiko her blir såleis berre identifisert på eit *overordna nivå*. I bakgrunns materialet som ligg til grunn for analyse, ligg såleis også ei *revisjonsfagleg/teknisk risikovurdering* som er gjennomført av revisor i samband med utarbeiding av revisjonsplan for kommunen/oppdraget, samt dei siste års møteprotokollar frå kontrollutvalet i Jølster kommune og eventuelle konkrete vedtak som politiske styringsorgan eller spesielle tiltak som administrasjonen har gjort (om det finst slike av vesentleg karakter).

I sum munnar dette ut i nokre abstrakte talstørrelser som viser indikatorar på kva områder som bør tillegkast vekt i den komande kontrollperiode. Ut frå dette, og den øvrige informasjon som ligg til grunn, har ein søkt å kome fram til ei *uprioritert liste* over kva slags område som er mest risikofylte, eller kva kontrollutvalet bør vurdere å ta med i sine prioriteringar for komande år når det gjeld forvaltningsrevisjonsprosjekter. Utvelginga av forvaltningsrevisjonsprosjekt på bakgrunn av den overordna analyse vil derfor kunne sikre fokus på områder der risikoen er vurdert å vere størst. I dette ligg også innbygt vesentlegheitsvurderingar, gjort av revisor og ønskjer fremma frå administrasjonssjefen si side. Inklusive i dette ligg det også at det kan vere hensynteke spesielle problemstillingar som administrasjonen ønskjer nærmare vurdert, eller områder som administrasjonen sjølv faktisk ønskjer nærmare tilsyn og kontroll på; - både generelt for heile kommunen, men også konkret i høve dei ulike fagfelta som kommuneforvaltninga skal ta seg av; jfr. dokumentet «10 på topp», som følgjer med analyse-dokumentet.

4 Risikoområder i Jølster kommune

4.1 Produktivitet

Produktivitet er forholdet mellom ressursane som kommunen set inn og tenesta/-ene som blir utført/levert. Dvs. kor mykje kommunen klarer å "produsere" ut frå dei tilgjengelege ressursane som ligg innebygt i driftseiningane sine budsjettrammer.

Jølster kommune var tidlegare organisert med ein tradisjonell etatsstruktur, som var ein etablert organisasjonsmodell i kommunen i mange år. Jølster kommune har vore igjennom ei holdsvis omfattande omorganisering med oppretting av eigne resultateiningar/tenesteeiningar. Kommunen har valgt å gå over til «flat» organisasjonsstruktur, der det i dag er etablert 19 tenesteeiningar, med tillegg av to stabseiningar i kommunekassa og tenestekontoret. Råd-

mannen har i dag ei sentral leiargruppe med 3 kommunalsjefar og 1 økonomi- og personalleiar. Kommunalsjefane er eit nokså tydeleg mellomledd mellom rådmannen og tenesteleiarane. Ved omorganiseringa gjekk ein bort frå etatsmodellen, der det vart etablerte eit toppleiarsteam, med Rådmann og 3 rådgjevarar, med eige sekretariat og tenestetorg, med økonomifunksjonane sentraliset til kommunekassa (økonomikontoret i kommunen). Det vart først etablert 15 meir eller mindre sjølvstendige *tenesteeiningar*, der det overordna ansvar vart lagt til eigne driftssjefar innafor kvar tenesteeining. Organisasjonskartet har blitt noko endra dei siste åra, slik at det pr. november 2012 er 19 tenesteeiningar. Kommunen har såleis i dag ein «flat» *organisasjonsstruktur (2-nivå-modell)*, med eit leiarteam, med øvrige støttefunksjonar som inngår i rådmannen sin stabsfunksjon. Kommunen har skifta rådmann to gonger dei siste åra, og pr. dato er nyttilsett rådmann enno ikkje tiltrådt stillinga. Det er føretekt konstituering i rådmannsstillinga fram til ny rådmann tiltrer. Den 09.11.2012 har det på eit eige tenesteleiarmøte vore diskutert omorganisering av delar av organisasjonsstrukturen, der ein også har sett fokuset på at kommunen har eit forholdsvis gammalt reglement vedr *økonomisk internkontroll* som krev oppdatering. Revisjonen har innhenta dokumentasjonen som låg føre i møtet, og har valgt ikkje å legge dette ved som vedlegg, saman med analysedokumentet.

Kommunen har hatt forholdsvis stabil arbeidskraft i nøkkelstillingar, og må betraktast som ein "sett organisasjon", der oppgåver og ansvar i utgangspunktet er klart definerte tenesteeiningane og sentraladministrasjonen imellom. Kommunen har eit omfattande sett av plan-dokument, og mange interne styringsdokument, reglement, m.v. Dei fleste av desse er handsama og vedtekne av Jølster Kommunestyre. Delegeringsreglementet er oppdatert og vedteke etter siste kommuneval, og også delar av økonomireglementet er oppdatert; bl.a. kommunen sitt finansreglement og interne rutiner knytta til det. I den seinare tid er det lagt ned ein del arbeid med å formulere eigen visjon, strategiar og målsettingar, og kommunen er med i interkommunale samarbeid på fleire, ulike områder innafor regionen som kommunen soknar til.

Gjennom ei rekke overordna, vedtekne, styringsdokument som fortel korleis Jølster kommune skal driftast og styrast, og kva tenesteomfang som skal vere etablert overfor innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestilboda, vil årsbudsjetta vere styrande for dette. Vedteke budsjett skal følgjast, og ikkje overskridast. I dette ligg også innebygt overordna målsettingar og prioriteringar. Slike overordna mål er ein nyttig reidskap for å analysere og effektivisere tenestene. Ikkje alle målsettingar er klart nok definerte, eller er vagt formulerte, eller manglar heilt, og kanskje ikkje nedteikna eller dokumenterte på ulike tenesteområder. Det har vore stort fokus på dette dei siste åra, og no rapporterer einingane også på status i høve målformuleringane i årsbudsjettet/verksemdplanen. Verksemdplan vart innført frå og med budsjettåret 2007. Det kan her nemnast at kommunen sitt særskilde reglement «*Økonomisk internkontroll – Jølster kommune*», er dagsett 09.05.1997, og etter revisjonen si oppfatning ber reglementet preg av behov for oppdatering. Vi kan heller ikkje sjå at regelverket kring offentlege anskaffelsar er teke inn i kapittel 9, som omhandlar «kjøp av varer og tenester», eller i andre delar av reglementet.

Målet med innføring av verksemdplanen frå 2007 har vore å få fram andre målformuleringar og planar enn dei økonomiske. Meininga har vore at dokumentet både skal tene som utgreiing i budsjettsaka og som eit oppslagsverk gjennom året og som vil vere utgangspunkt for årsmeldinga når året er ute. Jølster kommune har i 2010/2011 vore i gjennom ei CAF eigen-vurdering. Dette er eit verktøy som gjev innsyn i kvalitet og tenester. Planen er å køyre ei tilsvarande eigenvurdering kvart andre år framover, og dette vil kunne fremje fokuset på både økonomiske målsettingar for tenestene ein får ut av budsjettmidlane i Jølster.

Kvar av tenesteeiningane rapporterer til ein av kommunalsjefane. Tenesteleiarane har det samla ansvaret innafor sine områder. Dette gjeld både i forhold til tenesteyting, økonomi og personalleing.

Det kan vere interessant å vurdere i kva grad målsettingane vert nådd. Uansett bør ein ha dette 'i mente' når ein for 2012 rullerer overordna analyse for risikiforholda i kommunen. Ein må i denne samanheng også hensynta vurderingar knytta til kommunen sine deltakingar i interkommunale samarbeide på ulike felt i regionen. Det er ulike planar for effektivisering og modernisering av driftsmodellen i ein kommune, men framdrifta i dette er enno ikkje fastlagt for Jølster kommune. Det er imidlertid vårt inntrykk at ein evaluerer likevel fortløpande dei interkommunale samarbeid som kommunen pr. dato er involvert i, samstundes som ein vurderer nye samarbeidsformer på ulike områder med nærliggande kommunar i regionen. Samhandlingsreforma og interkommunalt legevaktsamarbeid og interkommunalt samarbeid innafor økonomi og IKT er eksempler på det. Kommunen har i ei viss grad samarbeid både nordover, sørover og vestover, med særleg vekt på Sunnfjord-samarbeida, med nærliggande kommunar. Også desse forholda kan det vere interessant å sjå nærmare på; - i kva grad kommunen har fått nokon nytteverdi av dei 'investeringar' som er gjort frå kommunen si side i dei etablerte/formaliserte samarbeida.

Kommunen har oppretta eigne tenesteeiningar (resultateiningar), og kommunen vedtek i dag årsbudsjettet på netto rammenivå. Årsrekneskapen skal presenterast tilsvarande. Omorganiseringa til ein «flat» organisasjonsstruktur har vart nokre år no og har utvilsomt ført til at oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen, er sett ut til dei ulike tenesteeiningane, eller er koordinert gjennom kommunalsjef-teamet i administrasjonssjefen (rådmannen) sin stabsfunksjon. Dette gjeld bl.a. budsjettoppfølging/ rekneskapsrapporteringar, tilvising av timelister/fakturaer, og oppfølging av ulike refusjonsordningar, og handtering av regelverk knytta til dette. Dette tyder at relativt mange tilsette må vere oppdatert på det same regelverket. Føring av løn, registrering av inngåande fakturaer og fakturering av kommunale tenester, har vore sentralt forankra på Kommunekassa. Det er teke i bruk ein del programvarer i støttefunksjonar, og scanning av post og fakturaer avhjelper det daglege forvaltningsapparatet. Ansvaret for aktuelle refusjonskrav/refusjonsordningar for ei tenesteeining, ligg i dag i utgangspunktet til den einskilde tenesteeining, men i praksis vert dette følgt opp av sentraladministrasjonen (kommunekasseraren/økonomiansvarleg). Her ligg det utfordringar i at "saker og ting (iklje) fell mellom to stolar" ! Dei interkommunale samarbeida kring økonomi/rekneskap (FØYS) og IKT (SYS IKT) vil ein tru har bidrege til ei meir rasjonell og effektiv drift.

Tenesteeiningane rapporterer forholdsvis tett inn imot toppleiinga, som igjen syr saman dette i standardrapporteringar til dei politiske styringsorgana (Formannskapet og Kommunestyret). Her er Rådmannsteamet (Leiargruppa (rådmannen med tre kommunalsjefar og ein sakshandsamar), med tillegg av stabseiningane 'Tenestekontoret' og 'Kommunekassa') sentrale i den rapportering som skjer vidare til dei politiske styringsorgana. Rapporteringane vert standardiserte og vert 'samansyddde' frå rådmannen si side.

Jølster kommunestyre har i sak Kst-sak 029/07 gjort vedtak kring den politiske styringsstrukturen. Forutan *kommunestyret* med 25 representantar, har Jølster kommune eit *formannskap* på 7 medlemmar, og eit *kontrollutval* på 3 medlemmar. Det er i tillegg oppretta 3 faste utval. Dette er *Utval for plan og utvikling* (8 medlemmar), *Utval for oppvekst, kultur og helse* (7 medlemmar), og *Tingingsutval, løn/personal* (2 medlemmar). Kommunen nyttar seg også av såkalla *ad-hoc-utval*, når behovet melder seg, og dette er føremålstenleg.

Det er revisjonen si oppfatning at Jølster kommune i ei viss grad nyttar KOSTRA-tal til å evaluere eiga verksemd; - jamfør årsmeldingane. Det er likevel vår oppfatning at det ikkje vert gjort *andre, større* vurderingar av effektivitet og produktivitet i Jølster kommune, men ein viser til at det i 2010/2011 vart gjennomført ei CAF eigenvurdering i kommunen, som gjev innsyn i kvalitet og tenesteytingane i Jølster kommune. Kommunen har ikkje vore 'testa i brukarundersøkingar'. Vi ville i liten grad vektlagt dette inn i dei vurderingane som er gjort kring dette analysedokumentet.

Dagens organisasjonsstrukturen har fungert nokre år, og det ligg ikkje føre planar om å endre på denne no. Det er kanskje for tidleg å evaluere denne enno. KOSTRA-data innheld verdifull informasjon, og bør kunne vere eit vesentleg styringsverktøy i einkvar kommune. Dersom KOSTRA-data ikkje vert nytta i tilstrekkeleg grad, kan *det* i seg sjølv utgjere ein risiko ved at kommunen går glipp av verdifull styringsinformasjon. Dette kan også påverke kommunen sine inntekter direkte, fordi KOSTRA-data til ein viss grad ligg til grunn for rammeoverføringane og styringskriteria for det kommunale inntektssystem. Nøyaktigheit i rapportering av økonomi- og tenestedata til KOSTRA-databasen er såleis særdeles viktig. Dette bør ein vurdere å sjå nærmare på.

Via ordinær rekneskapsrevisjon og substanskontrollar (analytisk og bilag, m.v./finansiell revisjon) undersøker revisjonen bruk av både art og funksjon, og ikkje minst kodesetting i høve moms/momskompensasjon, for slik å bidra til at kommunen har ei mest mogleg korrekt økonomisk rapportering. Det er revisjonen si vurdering at kommunen har kvalitetssikra grunnlagsdatahandteringa for det som vedkjem økonomidata (inn-/ut-betalingar, faktura, løn, m.v., og at handteringa av regelverket kring regelregima for moms og momskompensasjonsordninga er tilfredsstillande. Revisjonsmessig har ein *lege forholdsvis tett på* administrasjonen si grunnlagshandtering og bokføring, med avviksvurderingar i høve budsjettkontroll, bokføring og kodesetting i grunnlagsdataene for rekneskapen.

Vi har i dette arbeidet ikkje gjort vidare vurderingar kring dei folkevalde og administrasjonen si oppfølging av at politiske vedtak blir korrekt, raskt og effektivt effektuert, og at økonomiske forhold i tilknytning til dette, blir korrekt handsama rekneskapsmessig; heri inn- og utbetaling, etc.

Det bør vere utarbeidd serviceerklæringar og/eller tenesteeerklæringar for dei fleste einingane/tenestoområda. Dette kan bidra til å sikre god produktivitet, fordi det er klart for dei tilsette kva som skal ytast, og kva omfang og kvalitet den einskilde teneste skal ha. Leiinga skal sikre at alle tilsette leverer tenestene på same måte, og slik sett skal ein kunne ha betre kontroll på bruken av ressursar. Her kjem også prinsippet om *likebehandling* inn. Den flate organisasjonsmodellen fordrar såleis ei *sterk og handlekraftig leiing*, samstundes som tenesteeiningane skal etterleve dei delegasjonsfullmakter, styringsdokument og arbeidsinstruksar som gjeld på dei ulike områder. Her vil internkontroll, verifisering av denne, og '*testing av kontrollar*' (*systemtestar, m.v.*) vere stikkord som også bør kunne sjåast på i lys av produktivitet.

Revisjonen er usikker på korleis dette vert handtert og kva oppfatning/inntrykk som er i forvaltninga og *kontrollmiljøa* vedr. utøvinga av leiarskap med streng/stram økonomisk styring og kontroll, *når ein ser kommunen under eitt* (totalt sett). Det er likevel revisor si vurdering at kommunen har ei leiing som framstår med tiltak og handling når utfordringar dukkar opp. Å ikkje gripe inn på eit tidleg stadie, og evt. utsette tiltak og handlingar, kan skape uro og uorden i ein gjennomsiktig organisasjonsstruktur med forholdsvis avgrensa organisasjonsledd og småe einingar/forvaltningsområder. Det vil uansett vere utfordringar å ta tak for ein ny administrativ leiari (ny rådmann) som skal ta til på sitt virke i nær framtid.

Det er tidlegare levert eigen revisjonsrapport kring rutinane i barnehagane når det gjeld søknad, tildeling av plass og samhandlinga med kommunekassa i høve barnehagebetalinga. Tidlegare er det også gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som har teke for seg rutinar og retningslinjer, samt etterlevinga av dette, når det gjeld permisjonar (permisjonsreglementet) i Jølster kommune. I 2012 er det gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med fokus KOSTRA-analyse (økonomi- og tenestedata) innafør pleie- og omsorgssektoren i Jølster kommune.

Innbyggjaren og brukaren av det kommunale tenestetilbod har krav på, og bør kunne få, ein tryggleik i høve til kva som kan forventast, og på kva grunnlag ein kan klage på ein teneste.

Sakshandsaminga vert regulert av bl.a. forvaltningslova, som er heilt klar på korleis dette skal vere. Sjølv utredningsplikta er forankra direkte i Kommunelova § 23, og det er administrasjonssjefen (rådmannen) som sit med det overordna ansvar for at dette er forsvarleg og tilstrekkeleg, og at lov og forskriftsverket vert etterlevd og følgd. I dagens lovverk er det *krav om skriftleg sakshandsaming i offentleg sektor*, og dette kan ein ikkje organisere eller delegere seg bort ifrå. I dette bør eventuelt inngå korleis etterlevinga av forvaltningslova og offentleglova sine bestemmelsar er, og heri korleis sakshandsaminga er i klagesaker, t.d. mellombels svar, dokumentflyt, dokumenthandtering, handtering av e-post, arkivstatus i saker/sakshandsaminga i tenesteeiningane, osv.

IKT-system som vert "køyr" i 'eigen regi', stiller krav til, og utfordringar for, forvaltninga på dette området, samstundes som kommunen skal *drifte dette sjølv*. Jølster er med i eit interkommunalt samarbeid med felles IKT-system (Agresso, ACOS, m.m.), og dette tyder m.a. at kommunen sjølv ikkje har det heile og fulle *praktiske* ansvaret for oppgraderingar av systema, sikkerheit og 'back-up', etc. Kommunen vil imidlertid kunne vere sårbar i høve til tilsette med IKT-kunnskapar lokalt i eigen forvaltning, men inn i 2012 opplever ein ikkje dette som nokon område med særskilde problemstillingar rundt. IKT er eit viktig område, fordi mykje av det daglege arbeidet som vert utført, fordrar at systema er operative og fungerer; og inneheld rett informasjon til eikvar tid. Det bør kunne vurderast å kome med innspel på om det bør setjast søkjelyset på ei '*kost-/nytte-vurdering' kring bruken av IT-verktøy*, og om bruken av ressursar står i stil med nytten av bruken av IT. I dette bør det også ligge innebygt ei vurdering av om administrasjonen sin ressursbruk er rimeleg i høve dei oppgåver som skal løysast.

I forhold til produktivitet som vinkling bør det også kunne vurderast å sjå på kommunen sine rapporteringar av økonomi- og tenestedata (til KOSTRA og eventuelt andre), og kommunen sin *eigen* bruk av denne informasjonen, i forhold til økonomirapportering, økonomistyring, periode rapporteringar og resultatrapporteringar, avvikshandteringar, etc.

Å evaluere eigen organisering – både politisk og administrativt – bør vere ein løpande prosess som føregår i alle kommunar i dag. I kva grad det kan vere aktuelt å gå inn einskilte fagområder/tenesteområder, eller ulike utval, etc., har vi ikkje gått djupare inn i no, men ein er kjend med den dokumentasjon som låg føre på tenesteleiar møte i Jølster kommune den 09.11.12, der mogleg omorganisering av delar av organisasjonsstrukturen og endring av reglement stod på dagsorden.

Det bør vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon med produktivitet som vinkling, t.d. knytta til ressursbruk og organisering av tenester.

4.2 Oppfølging av vedtak

Jølster Kommunestyre og andre politiske organ gjev føringar, og vedtek, kva mål kommunen skal ha og kva premissar og intensjonar som ligg i dei årlege budsjettløyvingar og einskildvedtak gjennom året.

Ansvar for å følge opp saker ligg som regel på den einskilde sakshandsamar. Storleiken på kommunen og kommunikasjonen mellom tilsette, og mellom administrasjon og politisk nivå, tilseier at risikoen knytta til dette området er akseptabel.

Einskilde vedtak som ikkje vert følgd opp til rett tid, vil som regel bli peika på av dei politiske styringsorgana. Revisjonen opplever ikkje manglande effektivering av gyldige politiske vedtak som noko problemområde i Jølster kommune, men dette er noko revisjonen ikkje har gått djupare inn i. Revisjonen er kjend med *arkivforholda* kring sentraladministrasjonen og *korleis dokumenthandteringa* i det alt vesentlege finn stad. (Arkivlova, sikring, forvaltningslova, offentlegheitslova, organisering av Tenestekontoret, postlister, sakshandsaming, kommunekassa, m.v.).

Etter Kommuneleva § 23, nr. 2, er det administrasjonssjefen som skal påsjå at saker vert førelagt dei folkevalde organa, og at eikvar sak er forsvarleg utreda, og at vedtak blir iverksett. Vi kjenner ikkje til at vedtak systematisk ikkje vert følgd opp av administrasjonen.

Ansvar for kan ein ikkje delegere bort, men avgjerdsmynde er i stor grad flytta utover i organisasjonen; både politisk og administrativ avgjerdsmynde. Kommunen nyttar seg av utstrakt bruk av delegasjon, og i den samanheng kan det vere aktuelt å sjå nærmare på kva regelverk som er, korleis dette virker, og i kva grad vedtak i delegasjonssaker, o.l., vert rapportert attende til overordna; - internt i administrasjonen og til dei overordna politiske styringsorgana. Det er konstatert at kommunen ahr forholdsvis gamlae reglement som burder vore oppdaterte på ein del felt i høve dagens organisering. Dette vert det arbeidd med frå administrasjonen si side.

I ein kompleks organisasjonsstruktur som ein kommune er, meiner vi at det alltid vil eksistere ein viss risiko for at vedtak ikkje blir følge opp, og vi meiner derfor at det på generellt grunnlag kan vere behov for å sjå nærmare på forvaltningsapparatet, og eventuelt gjennomføre forvaltningsrevisjon på dette området.

4.3 Økonomistyring

Økonomistyring har med styring og fordeling/ oppfølging av knappe ressursar å gjere. Det er viktig at avgjerder vert bygd på rette opplysningar, dvs. at det ligg føre eit godt grunnlag for å styre dei knappe ressursane. Dette stiller krav til at det vert føreteke rapporteringar med korrekt, oppdatert økonomisk informasjon til rett tid, slik at politikaren til eikvar tid har så nøyaktig informasjon som mogleg å byggje sine vurderingar og beslutningar/vedtak på.

Dette er også viktig for administrasjonen sjølv i den løpande/daglege driftssituasjon, og ikkje minst historisk å kunne vise til at lovverket sine krav til skriftleg sakshandsaming, med framlegging av saker til dei politiske styringsorgana (gjerne i tråd med delegasjonsreglement, m.v.) er følgede. Å ha ei tilstrekkeleg og tilfredsstillande sakshandsaming i alle økonomisaker er særdeles viktig; - ikkje minst på bakgrunn av at dette munnar ut i rettar og plikter av øko-

nomisk karakter, som gjerne bind både kommunen og brukaren (andre), og som også skal (kan) medføre inn- og utbetalingar, bokføringar, osv.

Kommunen har ein fireårig økonomiplan, årsbudsjett og rapportering i høve til dette. I 2012 har dei sjølvstendige tenesteeiningane krav på seg til periodevis å rapportere økonomi- og tenestedata på måla i sine planar. Det er nødvendig at administrasjonen synleggjer ressursbruken slik at politikarane i neste omgang kan justere budsjettet og evt. styre på annan måte. For alle styringsføremål er det viktig at rapporteringa inneheld rett informasjon til rett tid.

"Årshjulet" styrer mykje av budsjettprosessen og rapporteringsrutinane. Det bør vere fokus på kommunen sine sentrale styringsdokument; som bl.a. kommunen sitt delegasjonsreglement og økonomireglement. Årsbudsjettet er *ein plan uttrykt i pengar. Budsjett er til for å følgjast og skal i utgangspunktet ikkje overskridast.* Det skal ligge føre *budsjettdekning før* kostnaden/utgifta blir påført kommunen. Dette er utgangspunktet i lov- og forskriftsverket. Det vedtekne årsbudsjettet er såleis bindande for eitkvart tenesteområde og administrasjonen, og også for alle politiske styringsorgan underordna Kommunestyret, og for Kommunestyret sjølv. Det er også Kommunestyret sjølv som er det øverste tilsynsorgan i kommunen. Det er Kommunestyret som organ som innehar det overordna ansvar for styringa av heile forvaltningsapparatet, og rådmannen er den øverste administrative leiar (administrasjonssjefen) for administrasjonen. Ordføraren er den øverste politiske leiaren.

For å styre på ein god måte, er det naudsynt å sjå budsjett og rekneskap i samanheng. I Jølster kommune er budsjett og rekneskap samanliknbart på detaljert nivå. Det er revisjonen sine vurderingar at omorganiseringa til ein 2-nivå-modell, med flat organisasjonsstruktur, har ført til ei klarare fordeling av ansvar, slik at delar av økonomistyringa totalt sett er blitt klarare og betre. Det kan vere aktuelt å evaluere organisasjonsmodellen i dette perspektivet, men den generelle oppfatninga i dag i den administrative organisasjonsstrukturen er at endringane som er gjort, har hatt positive verknader på forvaltninga.

Kommunen har hatt klare retningslinjer innebygt i sitt Økonomireglement om korleis økonomistyringa skal føregå i kommunen. Kommunen var tidlegare ein såkalla ROBEK-kommune som var underlagt resultat og balansekontroll frå Fylkesmannen si side. Dette innebar bl.a. at kommunen måtte ha lånegodkjenning frå Fylkesmannen for eitkvart låneopptak. Kommunen er ute av underskotssituasjonen sin og hadde eit positivt netto driftsresultat for 2011 på ca 4,7 mill. kr., og eit rekneskapsmessig overskot på ca 0,9 mill. kr. For 2011. Kommunen har økonomiske utfordringar i komande årsbudsjett, med knappheit på midlar ut frå tenesteomfang og dei krav som er stilt til kommunen i særlovgevinga.

Regelverket krev at byggjerekneskap skal leggst fram for revisor, kontrollutval og kommunestyret. Kommunen har retningslinjer for dette i det vedtekne økonomireglement. Ferdigstilte byggjerekneskap skal leggst fram som einskildsak til godkjenning. Dette har det vore sett fokus på, og dette har også vore *stressa* frå tilsynsorgana si side. Revisor har hatt merknader/presiseirngar kring dette i revisjonsberetningane dei siste åra. Det kan vere aktuelt å sjå nærmare på kommunen si handtering av regelverket på dette området, og om byggjesaksprosessane følgjer Lov om offentlege anskaffelsar, og om framdrifta i byggjesaksprosessen samsvarar med det som er skildra i kontrakt og avtaler og interne reglement i kommunen.

Pr. november 2012 er det 19 sjølvstendige tenesteeiningar, med tillegg av 2 stabseiningar i 'Tenestekontoret' og 'Kommunekassa'. Leiargruppa består av rådmannen, 3 kommunalsjefar med tillegg av ein sakshandsamar. Dei ulike tenesteeiningane har ansvar for bl.a. ulike refusjonsordningar/ refusjonskrav som gjeld eiga drift. Her ligg det utfordringar for eikvar

driftseining. I praksis prøver kommunekassa å følgje opp dette. Det er forholdsvis små og oversiktlege forhold i kommunen kring dette. Frå revisjonen si side kan det vere aktuelt å sjå på dei beskrivande ansvarsfordelingar og styringskriteria knytta til dette, utover det som er nedfelt i kommunen sitt økonomireglement. I dette vil inngå rutineane kring kommunal fakturering, og kva ordningar som er etablert når det gjeld oppfølging av refusjonsordningar og produksjon av grunnlagsdata for refusjonskrav, sjukepengerefusjonar, innkrevingrutinar, m.v.

Momskompensasjonsregimet er eit realtivt nytt regelverk som omfattar heile kommuneforvaltninga. I dag er det kvar einskild tenesteeining som har ansvaret for den *posteringsordre* som vert tillaga som bokføringsgrunnlag overfor kommunekassa. Korrekt moms- og kompensasjonshandsaming er viktig, for dette representerer store pengebeløp alle einingar (kommunen) sett under eitt. Området er underlagt særattestasjon frå revisor si side 6 terminar i året, og vil uansett inngå i revisor sitt ansvar og oppgåve når det gjeld *finansiell revisjon*. Det bør kunne ligge til rette for nærmare undersøkingar med ditto rapportering til kontrollutvalet kring denne problematikken i kommuneforvaltninga. Slik revisjonen vurderer dette saksområdet i Jølster kommune i dag, er det forholdsvis liten risiko for feil og manglar, med veldig god kvalitet på det arbeidet som vert utført kring kodesettinga av fakturagrunnlaget, når det gjeld handsaminga av moms- og momskompensasjonsregelverket i kommunen.

Det er særskilte reglar for sjølvkostområda i kommunane. I hovudsak gjeld dette vatn, avløp, renovasjon, byggjesak, SFO, m.fl. I dag er det krav om særskilde noteopplysningar kring dette ved kvart års årsrekneskap, og dette er noko både kommuneforvaltninga og innbyggjaren er opptekne av. Det er såleis særleg viktig å ha etterkontroll på desse områda i samband med kvart års årsrekneskap, og ikkje berre ved kvart års budsjettarbeid når prisane skal fastsettast. Det er krav om årleg etterkalkulasjon på 'korleis gjekk det', der mogleg overskott i høve sjølvkost, skal avsettast til særskilde fond, som kun kan nyttast til driftsføremål eller inngå i prisinga til forbrukaren. Det er lagt opp rutiner kring dette i forvaltninga, der ein også set søkjelyset på fondsavsetningar og bruken av desse. Det vil alltid kunne vere aktuelt å sjå på dette ut frå ein innfallvinkel med økonomisk styring, men også ut frå eit perspektiv som har med måloppnåing å gjere; om ein følgjer regelverket, osv. - jfr. det som er nemnt nedanfor.

Kommunen er med i eit interkommunalt samarbeid kring renovasjon (Sunnfjord Miljøverk IKS). Det vil kunne ligge til rette for ei evaluering av dette, og gjerne med fokus på ein '*kost-/nytte-vurdering*', og om lov, forskrift og veileder, for berekningsgrunnlaget for VAR-området, vert etterlevd. Det vart gjennomført eigarskapskontroll på dette samarbeidet i 2007 og etter vår oppfatning har alle deltakande kommunar ein god dialog på dette med selskapet inn i 2012.

Innkjøpsordninga til kommunen kan vere eit område å sjå nærmare på. Lovverket og regelverket kring offentlege anskaffelsar; særleg på anleggssida. Det kan vere aktuelt å sjå nærmare på rutineane og om kommunen sine egne reglement vert følgde på dette felt; og om interne reglement er ajourført eller samsvarar med sentralt innkjøpsregelverk (tilpassa EU-direktiv, m.v.).

Lønsmrådet er eit stort og vesentleg område å ha kontroll på. Her vil den tilsette (lønsmotakar) vere ein kontrollinstans i seg sjølv, men det kan vere aktuelt å sjå på stillingsheimlar, antal personar på timelister, bruk av eigenmeldingar, tilvising av variabel løn; om hovedavtale og tariffavtaler blir riktig brukt i tilvising av variabel løn. Innafor dette området kan det også vere aktuelt å sjå på sjukepengerefusjonar, om rutineane fungerer, og eventuelt ha ein

gjennomgang på dei støtteprogram som vert nytta innafor lønsområdet (gjennomgang av rutiner, kvalitetssikring av rutiner i turnusprogram ("*Shift Manager*"), osv..

Forvaltninga av kommunale eigendelar og låneportefølgje (finansforvaltninga) kan også vere eit området å sjå nærmare på. Vert kommunen sitt eige reglement følgd på dette felt, og er den praksis som er etablert, hensiktsmessig og nyttig for Jølster kommune? Både reglementet og rutinane kring kommunen si finansforvaltning har vore underlagt særskild kvalitetskontroll frå kommunerevisjonen før reglement og rutiner har vore førelagt politiske styringsorgan til avgjerd.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon knytta til økonomisk styring.

4.4 Måloppnåing

Kommunen må syte for å ha ei tilstrekkeleg sakshandsaming overfor brukarane og ha ei god oppfølging av eksterne/ interne mål. Nokre av punkta nedanfor er også omtala under '*økonomistyring*' og '*oppfølging av vedtak*' ovanfor; - men med eit litt *anna fokus*.

Kommunen har eit relativt avansert sakshandsamarsystem, der all inngåande post som kjem til *kommunehuset*, *Tenestekontoret*, vert registrert av fellessekretariat/Tenestekontoret. Etter at inngåande post er registrert på saker ved *Tenestekontoret*, fordeler ein sakene på 'sakshandsamar' i systemet/programvaren. Unntak her er sosialkontoret/NAV-kontoret (med eige system og eigne regelsett) og skatterekneskapen. I praksis vert inngåande/ arkivverdig post framført gjennom ei eigen rutine. Kommunen starta med *scanning* av inngåande post frå år 2004, og har nokre års erfaring med dette. Kvar sakshandsamar må gå inn i 'systmet' og lese, og svare på sakene i sakshandsamarsystemet. Det er ikkje etablert faste tilbakemeldingsrutiner til brukaren om at sak er motteke, og kva tid den vil kunne vere ferdig-handsama, eller kva tid endeleg svar vil kunne ligge føre. Forvaltningslova sine reglar om responstid/svartid skal takast høgtideleg. Dette gjeld også saker som er påklaga. Det kan vere aktuelt å sjå på rutinane knytta til sakshandsaming, responstida på svar, osv., med måloppnåing som fokus. Det ligg føre eigen nedteikna 'postrutiner', som er beskrivande for korleis inngåande post skal handsamast. Dette dokument var teke inn som vedlegg i analysedokumentet i 2008.

”””

Lov om offentlege anskaffelsar med tilhøyrande forskrifter er sentralt for kommunen. Dette fordi konsekvensane ved å ikkje følgje regelverket kan vere store økonomisk og rettslege; i alle fall i investeringsprosjekt og større saker. Det kan såleis vere aktuelt å sjå nærmare på dei innkjøpsavtaler som kommune er med på, og eventuelt prioritere ei undersøking av innkjøpsamarbeidet(/-a) som kommunen er deltakar i.

For ein del av dei tenestene som kommunen yter, er det lovfesta at sjølvkost er ei øvre grense for gebyrfastsetting. Dette gjeld tenester som vatn og avløp, renovasjon, feiing, plan- og byggesakshandsaming og kart- og delingsforretningar. Det har i seinare tid vore stor fokus i media på kommunane si fastsetting av gebyr på desse tenestene. Det er viktig at det ligg føre dokumentasjon på etterkalkulasjon, og at dette er presentert i ei form som er folkeleg forklara og lett leseleg. Dette er også teke med som mogleg fokusområde når det økonomisk styring; jfr. det som er nemnt ovanfor (side 12-13).

Kommunen handterer mange einskildsaker og einskildvedtak gjennom året, og totalt sett har *kommunen* eit mangfald av lover, forskrifter og veiledningar å forholde seg til på dei ulike

forvaltningsområda (tenesteområda). Generelt er kommunane i Sogn og Fjordane for dårlege til å følge formalkrava i forvaltningslova når det gjeld denne type sakshandsaming, jfr. rapportar frå Fylkesmannen (som er å finne www.fylkesmannen.no (Sogn og Fjordane, på kommune). Kommunen avgjer mange saker som er viktige for den einskilde innbyggjar/brukar, som t.d. skal få informasjon om adgangen til å klage på eit vedtak. På einskilde områder er Fylkesmannen også tilsynsorgan på dei faglege sidene (f.eks. barnevern, sosial), og Fylkesmannen er også klageinstans på særlovgevinga.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon som undersøker om sentralt/ lokalt regelverk blir følgd, og i kva grad resultatmåla som er sett, blir nådd.

5. Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

5.1 Kort om planen

Analysa legg opp til ei utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på risiko. Eit prosjekt blir sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. Ved ei konkret utvelging av prosjekt, må nytteverdien vurderast i høve til forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforming av eit prosjekt må kontrollutvalet avgrense omfanget av det som skal sjåast nærmare på. I motsatt fall vil revisjonen (eller den som skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet) stille krav om at ein har adgang til å avgrense temaet. Eit prosjekt skal konkretiserast for å gje kontrollutvalet naudsynnte opplysningar for deira kontroll- og tilsynsfunksjon. Antal prosjekt i løpet av eitt år vert naturleg avgrensa i høve ressurstilgang.

Framlegga til tema og område for forvaltningsrevisjonsprosjekt byggjer på overordna analyse. Lista er ikkje prioritert i nummerrekkefølge frå revisjonen si side. Vi meiner lista med aktuelle område og tema for forvaltningsrevisjon kan tene som eit innspel med idèar til den konkrete planen som skal presenterast i Kontrollutvalet og Jølster Kommunestyre.

Det er vår vurdering av dei prosjekt/tema som skal inngå i ei prioriteringsliste om forvaltningsrevisjonsprosjekt, må vere grundige gjennomgangar med *fokus på kvalitetsheving, forenkling, betring av rutinar, produktivitet/effektivitet, og meir rasjonell bruk av ressursar*. Dei dokument som følgjer denne *overordna analyse* vil kunne vere eit godt utgangspunkt for ein prioriteringsdebatt i både kontrollutvalet og i Jølster kommunestyre. Vi viser i denne samanheng også til Jølster kommune sine budsjett- og handlingsprogram, økonomiplan, og dei siste års årsrekneskap og årsmeldingar, samt revisjonen og kontrollutvalet sine beretningar og årsmeldingar. Ikkje minst viktig er den lista som har vore til handsaming i Jølster Formannskap, sak om «10 på topp», som tek opp i seg ti punkt over spesielt prioriterte oppgåver for komande år.

Vi viser til dei dokumenta som følgjer som prenta vedlegg til denne 'overordna analyse' for Jølster kommune.

5.1.1 Selskapskontroll:

Avslutningsvis vil vi peike på at denne analysa ikkje tek opp i seg vurderingar om kommunen skal gjennomføre *selskapskontroll* eller *eigarskapskontroll*. Utarbeiding av overordna analyse/forvaltningsrevisjon er eit forholdsvis nytt fagområde for kommunen sine tilsynsorgan, og som vart innført i 2005. Kommunane sine kontrollutval er kjende med den samordning som er søkt etablert i høve 'fellestiltak' (felles selskapskontroll for aktuelle eigar/deltakarkommunar).

Det er vår oppfatning at når ein skal vurdere selskapskontroll, bør ein vurdere ei gjennomføring av dette i samarbeid med nærliggande kommunar som har eigarinteresser i same selskap (interkommunale samarbeid, IKS, energiverk, AS, osv. – som kommunen har eigarinteresse i, eller er medeigar/deleigar/deltakar i), slik at dette kan bidra til ei kostnadseffektiv gjennomføring av slike kontrollar der dette er aktuelt og ønskjeleg frå kommunen si side.

Ved utarbeiding av den forrige overordna analysen i 2008 hadde ikkje Jølster kommune vedteke eller utarbeidd nokon eigarskapsstrategi, men dette ligg føre no. Det er utarbeidd og vedteke ei eiga 'Eigarskapsmelding' for Jølster kommune i 2012. Denne er teke inn som prenta vedlegg her.

Kommunen skal vedta ein eigen *plan for selskapskontroll*; - parallellt med den ordinære planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Begge skal handsamast gjennom kontrollutvalet, med endeleg vedtak i Jølster kommunestyre.

Under pkt. 5.2b vedlagt denne rapport, har vi lista opp dei eigarinteresser som Jølster kommune har. Lista er ikkje uttømmende, men er delvis innhenta frå administrasjonen og frå Jølster kommune si oversikt ('Note') i årsrekneskap/årsmelding for Jølster kommune for 2011.

Sluttord:

Utarbeidinga av overordna analyse har vore eit omfattande arbeid som byggjer på ei rekke dokument som er styrande for kommuneforvaltinga, samstundes som ein også har søkt å ta omsyn til erfaringsbasen som tilsynsorgana i kommunen innehar, og som er bygt opp over fleire år. Ved rulleringa av analysedokumentet no i 2012, har ein bygt vidare på det materialet som låg til grunn for analysedokumentet i 2012, samstundes som ein har teke omsyn til oppdatert talmateriale, nøkkeltal, årsrapportar, periode rapportar, gjennomførte revisjonar og forvaltningsrevisjonar, samtt endringar i organisasjon og leiing i kommunen.

Det er vår vurdering at det som ligg føre i dette dokument skal kunne vere tilstrekkeleg som eit bakgrunnsmateriale som kan nyttast som grunnlag for prioriteringar i utarbeidinga av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar og kva eventuelle selskap som skal underleggast tilsyn og kontroll frå dei kommunale tilsynsorgana si side framover.

Førde den 9. november 2012

for KRYSS-Revisjon

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Postboks 437, 6801 Førde

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

5.2.a. Oversikt over moglege innhald i plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Jølster kommune

Nr.	Prosjekt	Tema/vinkling	Nøkkerverdi	Resultatmål
	Kontroll av lønsområdet i kommunen "All over" eller sektorvis (teneste-område-vis)	Vert det utbetalt riktig løn, til riktig tid, for rett periode? - vert hovedavtalen og tariffavtalen følgde? - reiserekningar, dokumentasjonskrav - etc.	Bidra til å fastslå om kommunen følgjer gjeldande regelverk på området Konstatere at kommunen betalar ut den løn som skal vere, og at den tilsette får den løn arbeidsavtale og tariffavtale krev	Effektivitet/ Produktivitet Økonomistyring
	KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring	Analyse av KOSTRA-data for å finne betydningsfulle avvik. Kva slags avvik inneheld verdifull informasjon og kva for avvik har bakgrunn i systematiske feil? Ei slik analyse kan medføre at åpenbare flaskehalsar/ overkapasitet blir identifisert. Dette er naudsynt informasjon for at kommunen skal kunne justere ressursbruk i høve til kva slags arbeidsoppgåver som skal løysast.	Bidra til meir bruk av KOSTRA- data både i administrasjonen og på politisk nivå. Bidra til å kartlegge korleis ressursar brukast for å løyse oppgåver.	Produktivitet/ økonomistyring
	Sjølvkostbereknningar VAR-sektoren	Gjennomgang av kommunen sine sjølvkostbereknningar for å sikre at prisinga i budsjett er korrekt og at gebyr som vert fakturert brukarane er korrekte. Vert etterkalkulasjon gjennomført og dokumentert i samsvar med Lov, Forkrift og Veileder?	Bidra til at brukarane betalar ein korrekt pris for tenestene. Kvalitetssikring av egne bereknningar for administrasjonen. Synleggjering av evtnt. subsidiering av tenestene.	Produktivitet
	Sakshandsaminga, Vedtak, svargjeving	Etterlevelseskontroll av forvaltningslova og offentleglova sine bestemmelsar	Kvalitetshøving og læringsverdi for forvaltningsapparatet i kommunen	Effektivitet og Produktivitet

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

<p>Kontroll av løns-området Bruk av timelister</p>	<p>Vurdere stillingsheimplar, mot bruk av midlertid tilsette og personar på variable timelister Vert lover og forskrifter følgde ? Vert det utbetalt løn i samsvar med tariffavtaler ?</p>	<p>Bidra til å synleggjere at bemanningsplaner vert følgde Bidra til å synleggjere at tariffavtaler vert følgde Klargjering av om administrasjonen følger dei ulike reglement som er vedtekte av politikarane (Kom.styret)</p>	<p>Produktivitet Økonomistyring At politiske vedtak vert følgde</p>
<p>Evaluering av NN samarbeid</p>	<p>Evaluerer eit samarbeid som er vedteke og har fungert ei tid. Kva av målsettingane som låg til grunn, er innfridde ?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Deltakinga i SUM ? - FØYS ? - SiS ? - KRYSS Revisjon ? - SEKOM-Sekretariat ? - Reisemål Sunnfjord ? - SYS IKL IKS - SYS IKT - Andre ? 	<p>Samarbeid mellom kommunar har vore eit svært aktuelt tema den siste tida. Evaluering av eit samarbeid kan gje kommunen viktige erfaringar.</p>	<p>Måloppnåing / Produktivitet</p>
<p>Tidsriktig rapportering til politisk nivå ?</p>	<p>Er rapporteringa til politisk nivå tilstrekkeleg knytt opp mot konkrete mål ? Kva krav set politikaren ? Er politikaren si forventning klart uttrykt overfor administrasjonen ?</p>	<p>Bidra til klarare politisk kravspesifikasjon og tydeliggjering av ansvar for rapportering i einskildsaker. Bidra til at politikaren set klarare krav til administrasjonen Kan bidra til ein ryddigare diskusjon mellom politisk og administrativt nivå.</p>	<p>Måloppnåing</p>
<p>Budsjettprosess/ fordeling av ressursar</p>	<p>Vurdere dei budsjettprosessar og styringsverktøy som blir bruk for fordeling av midlar i kommunen.</p>	<p>Bidra til at kommune har ein budsjettprosess som gjev</p>	<p>Økonomistyring</p>

		Vurdere om det finst andre måtar å fordele budsjettmidlane på.	administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy.	
"Korrekt handsaming av din sak?"	Kontrollere eit utval av saker (evt. henvendelsar utanfrå) med omsyn til om formalitetsbestemelsane blir følgde (svar innan rimeleg, tid, sakshandsaming, lovanvendelse, osv.)	Bidra til å sikre ei korrekt sakshandsaming for den einsskilde innbyggjar.	Måloppnåing	
Oppfølging av vedtak i Jølster kommune	Kontrollere oppfølging av vedtak. Fokuserer på korleis systemer, ansvarsdeling og andre etablerte kontrolltiltak bidreg til tidsriktig og korrekt iverksetting av vedtak.	Bidra til at administrasjonen får på plass rutiner som sikrar ei korrekt oppfølging av vedtak til rett tid.	Oppfølging av vedtak.	
KOSTRA – til hjelp i planlegging og styring? (Jfr. eige strekpunkt ovanfor)	Analyse av KOSTRA-data for å finne vesentlege avvik. Kva avvik inneheld verdifull informasjon og kva har sin bakgrunn i systematiske feil?	Bidra til meir bruk av KOSTRA både i administrasjonen og på politisk nivå. Synleggjere nytten av KOSTRA-data til politisk styring og bidra med råd til korleis politikarane kan analysere tala. Bidra til å kartlegge korleis ressursar blir brukt for å løyse oppgåver. Kva er årsaka til høge/låge utgifter? - Medveten politisk prioritering? - Feilføringar? - Kostnadskrevjande drift?	Måloppnåing/ Produktivitet/ Økonomistyring	
Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning	Er det dei ulike reglement i samsvar med dagens regelverk og organisasjonsstruktur? - Økonomireglement? - Finansforvaltningsreglement? - Byggjerekneskap/Prosjektrekneskap? - Delegasjonsreglement? - Tilsettings-/arbeidsreglement?	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei stabil drift Klargjering av om administrasjonen følger dei ulike reglement som er vedtekte av politikarane (Kom.styret)	Måloppnåing Produktivitet Effektivitet	

		<p>- Personalreglement ?</p> <p>- Søknadshandsamingar ?</p> <p>Vert vedtekne reglement følgde ?</p> <p>Korleis har utviklinga i sjukefråværet vore dei siste åra ?</p> <p>Kva åpenbare forhold forklarar utviklinga ?</p> <p>Variere sjukefråværet vesentleg internt i kommunen, og kva er eventuelt grunnen til dette ?</p> <p>Korleis skjer pengestraumane inn/ut av kommunen ?</p> <p>Kva rutiner er etablert i eigenbetalinga</p> <ul style="list-style-type: none"> - for barnehagebetaling - for heimhjelpsbetalinga - for pensjonærbetalinga - for kommunale avgifter - for eigedomsskattar - for tekniske avgifter, gebyr, m.v. - for oppgjør av tomtesalg, skjøte, m.v. - innkjøp og slag av mat til eldre og uføre <p>Kva rutiner er etablert i fakturaflyten (innkjøp) ?</p> <ul style="list-style-type: none"> - revisisjon av varer og tenester - (offentlege anskaffelsar, regelverket følgd) - fullmakter - kven har myndigheit til kva - attestasjonsfullmakter/tilvisingsfullmakter - (fakturaflyten frå mottak til utkvittering i reskontrosystemet) - (signaturprøver, ajourhold) 	<p>Bidra til å kartlegge kva faktorar som påverkar nivået på sjukefråværet.</p> <p>Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet.</p>	<p>Måloppnåing</p> <p>Produktivitet</p> <p>Økonomistyring</p> <p>Intern</p> <p>kvalitetssikring</p> <p>Hindre mislegheiter og irregulære forhold</p> <p>Klargjering av ansvarsforhold og myndigheit på ulike nivå i organisasjonen</p>
	Sjukefråværet – årsak og samanhengar			
	Økonomistyring			

	<p>Økonomireglement / Delegasjonsreglement Vert desse reglementa følgde ?</p> <p>Finansforvaltningen i kommunen Vert reglementet følgd i praksis ?</p> <p>Arbeidsinstruksar / Stillingsinstrukrar – fins det ?</p> <p>Arbeidsdeling, beskriving/dokumentasjon av ansvardeling, m.v. – Finst dette dokumentert ?</p> <p>Momskompensasjonsordninga Bokfører kommunen dette korrekt, får kommunen refundert den meirverdiavgifta den skal ha</p> <p>VAR-sektoren: Føretak kommunen den etter- kalkulasjon som skal gjerast – avsetning 'overskot'</p> <p>Særleg ressurskrevjande brukarar – Rapporterer kommunen korrekte økonomi- og tenestedata på dette området, slik at kommunen får dei tilskots- midlar som kommunen rettmessig har krav på – taper kommunen eventuelt pengar her ?</p> <p>PU-klientar – inntektssystemet – einskildvedtak ➤ korrekt rapportering = korrekte inntekter</p> <p>Rapportering av ferdigstilte byggjerekneskap</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skjer rapporteringa i samsvar med kommunen sitt Økonomireglement - Er oppfølginga av framdrifta i byggjeprosjekt i samsvar med dei rutiner som skal vere 	
--	---	--

		<ul style="list-style-type: none"> - Byggjemnda - avviksrapportering og søknader om tilleggsløyvingar osv. 			
Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområder.	<ul style="list-style-type: none"> Kva stillingsheimlar som er vedtekne (bemanningsplanar), og i kva grad desse vert følgde. - bruk av variabelar, personar på timelister - vakansar - permisjonar - bruk av ekstrarhjelp - budsjett vs rekneskap – avviksrapportering - Vurdere 'kost-nytte' på IT- og IKT-satsingsområdet. 		Bidra til optimalisering av personalressursane. Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing	
Vurdere IT-/IKT-samarbeid			Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen og IT-investeringane	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing	
<ul style="list-style-type: none"> Sjukefråveret - bruk av eigenmeldingar - fráværingsregistreringar - personar på timelister (jfr. eige strekpunkt vedr. årsak og samanhengar i sjukefråveret) 	<ul style="list-style-type: none"> Vert regelverket kring bruk av eigenmeldingar følgd ? Vert fráværet registrert og riktig rapportert. Inntak av midlertid tilsette ? Omfang av slik bruk - antal personar på timelister i forhold til stillingsheimlar ? Rutinar for sjukepengerefusjonar ? 		Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing	
Sikring og bruk av kunst (har Jølster slik ?)		<ul style="list-style-type: none"> Har kommunen verdifull kunst/utsmykning i offentlege bygg, aller andre stader, etc. Kartlegging av om all kunst er registrert og sikra/forsikra på ein god måte. 	<ul style="list-style-type: none"> Bidra til å sikre at kommunen sine kunstverdiar er sikra på ein betryggande måte. Bidra til at kunst er plassert slik at 	Måloppnåing	

		Vurdering av korleis kunsten er utplassert/ lagra for å vurdere i kva grad allmennheten har glede av kunsten.	allmennheten har mest mogleg nytte/ glede av kunsten.	
	Sunnfjord Miljøverk IKS	Det er etablert eit eige interkommunalt renovasjonsselskap for å handtere lovpålagt kommunal avfallshandtering. Prosjektet vil ta opp sentrale problemstillingar mellom kommunane og selskapet. Dette vil kunne vere eit fellesprosjekt for alle kommunane som eig selskapet.	Bidra til ei klarare oppgåve- og ansvarsfordeling mellom kommunane og selskapet.	Måloppnåing
	Organisering av legeordninga SYS IKL IKS – samarbeidet	Er det samanheng mellom organiseringa av legeordninga og stabiliteten i legedekninga? - Avtalet, leigeavtaler, m.v. - utleige av lægesekretærer - <i>substitutter</i> frå kommunen si side?	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei stabil og effektiv legedekning.	Måloppnåing
	Innkjøpsavtaler og innkjøpssamarbeid som Jølster kommune er delaktig i	Prosjektet er sett i gong og vil omfatte alle kommunane som er deltakarar i samarbeidet. Det må vurderast om rammeavtalene er inngått i samsvar med lova. Det vil bli kontrollert om kommunane kjøper inn utanom rammeavtalene.	Bidra til at kommunen sine innkjøp skjer i samsvar med lova, slik at dei unngår å bli erstatningspliktige. Prosjektet vil medvirke til at kommunen kjøper inn på ein formålstenleg måte	Måloppnåing
	Organisering av tenestene	Er det samanheng mellom korleis ei teneste er organisert, effektiviteten/produktiviteten i dette - vurdere om 'samansette forvaltningsmråder' i ulike einingar fungerer på tilfredsstillande vis	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei rasjonell, effektiv og produktiv drift	Måloppnåing

Opptak av barn i barnehage	Er det ei rasjonell og effektiv sakshandsaming/prosedyrar på utlysing av barnehageplassar, søknads-handsaming, tildeling av plass, opphør av plass, sakshandsaming ved opptak i barnehageåret, meldingsrutiner til økonomi, oppfølging, innkreving, osv.	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei rasjonell, effektiv saks-handsaming, og om samhandlinga mellom barnehage/SFO og kommune-kassa fungerer på tilfredsstillande vis. = korrekt utfakturering og tidsriktige pengestraumar inn i kommunekassa (barnehagebetalinga, osv.)	Måloppnåing Økonomistyring Produktivitet Oppfølging av vedtak
Søknad om plass i institusjon	Kva rutiner som gjeld for søknad om opphald i institusjon (dagtilbod/langtidstilbod). Meldingsrutinar, betaling for opphald, fastsetjing av vederlag, innkreving, oppfølging, m.v.	Bidra til å kartlegge alle prosessar som skal vere på plass for ei rasjonell og effektiv sakshandsaming, samstundes som ein får verifisert om samhandlinga i meldingane bidreg til ei effektiv innkreving med rettidige innbetalingar	Måloppnåing Økonomistyring Produktivitet Oppfølging av vedtak

5.2.b Oversikt over verksemder/selskap som Jølster kommune er deltakar/medeigar i

Eninvest as	Stardalen Bygdetun	Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS
Firda Billag AS	Studenthyblar	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og
Firda Produkt A/S	Sunnfjord Energi AS	Sunnfjord (KL. § 27-samarbeid)
Sunnfjord Miljøverk IKS	Sunnfjord Sag AS	Sekretariatet for kontrollutvala i kommunane
Fjærlandsvegen A/S	Vikja Burettslag	i Ytre Sogn og Sunnfjord (SEKOM, § 27-samarb.)
Jølster Skisenter A/S	Årsetbakkane Burettslag	Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale
Kommunal Landspensjonskasse	Reisemål Sunnfjord	Legevaktsamarbeid IKS
Kommunekraft AS	SunnLab AS	SYS IKT (§ 27-samarbeid)
Sunnfjord Næringsutvikling AS		

Førde Terje

Fra: Helgheim Arnar
Sendt: 26. oktober 2012 20:53
Til: Førde Terje
Kopi: Nilsen Monica Farsund; Farsund Thor Ove; Bruland Kirstin; Flatjord Krøvel
Britt
Emne: SV: Ad. tilbakemelding på henvending overordna analyse
Vedlegg: Økonomiplan 2013 - 2016 vedteke190612.pdf; 10 på topp formannskapssak august 2012.pdf; Delegering adm frå og med 2012 hefte 190112.pdf; Eigarskapsmelding.pdf; Tertialrapport pr. september 2012.pdf; Verksemdplan 2012.pdf; Plan og styringsdokument oversikt og samanheng.pdf

Eg viser til påminning om innspel og dokument til overordna analyse.

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

-Legg ved følgjande viktige styringsdokument:

- *Delegeringsreglement, administrativt
- *Finansreglement
- *Plan og styringssystem – oversikt og samanheng
- *Økonomiplan 2013-2016
- *10 på topp- sak i formannskapet
- *Eigarskapsmelding
- *Tertialrapport pr september

Dato: 26.10.2012 Off:
Sak nr. Reg.nr.:
Arkiv:
Avd kode:
Saksbehandlar

Når det gjeld konkrete utfordringar og saker som vi jobbar spesielt med så viser eg til «10 på topp». Dette er ei nyvinning frå og med 2012 der vi saman med budsjett og verksemdplan også presenterer ei liste med 10 punkt over spesielt prioriterte oppgåver for kommande år. I den vedlagde saka til formannskapet er både den vedtekne lista og status pr august med. Eg kan også nemne at tertialrapportane er vesentleg endra dette året ved at vi i tillegg til økonomi rapporterer på status i høve mål frå verksemdplanen.

Med vennleg helsing
> **Arnar Helgheim**
Konstituert rådmann

Tlf. kont.: 57 72 61 42 mobil: 975 81418

Jølster kommune:
Nettside: <http://www.jolster.kommune.no>
E-post: postmottak@jolster.kommune.no

-I verdas vakreste ramme skal vi få fram skaparkrafta i mennesket!

Fra: Førde Terje
Sendt: 19. oktober 2012 13:44
Til: Helgheim Arnar
Emne: Ad. tilbakemelding på henvending overordna analyse

Hei.
Viser til tidlegare henvending til rådmannen.

Vi er inforstått med at det har vore vanskar med kontinuitet i dette arbeidet, ettersom tidlegare rådmann gjekk bort. For å kome vidare i vårt arbeid håper vi De innan rimeleg tid kan gje ei tilbakemelding på det vi har bede om i vårt brev av 07.02.12. Brevet ligg enno usvara frå Dykk hos oss.

Vi er kjend med at kontrollutvalet sitt møte er flytta ut i tid, med siktemål å få med denne saka til handsaming i 2012. Møtedato er ikkje fastsett. Viser forøvrig til e-post kring dette frå kontrollutvalssekretariatet (SEKOM v/Vidar Øvrebø) i dag.

Vi høyrer gjerne frå Dykk med det første.

GOD HELG !

Med helsing

KRYSS REVISJON


Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99229227

e-post: terje.forde@kryssrevision.no

Politisk organisering



Jølster kommune - organisasjonskart november 2011

Leiargruppa.....

Stabseiningar.....

Tenesteeiningar.....

Rådmann
kommunalsjef

Tenestekontoret

Kommunekassa

Biblioteket

Drift og kommunalteknikk

Fysioterapi

Helsestasjon

Kulturskolen

Langhaugane barnehage

Legetenesta

Næring og miljø

Plan og bygg

Heimteneste Skei

Skei omsorgssenter

Heimtenestet Vassenden

Vassenden oms senter

Heimly

Psykisk helsevern

Skei barnehage

Skei skule

Sosial og barnevern
NAV

Vassenden skule

Interkommunalt samarbeid

Arbeidsgjevarkontroll:

Kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal deler på stilling som interkommunal arbeidsgjevarkontrollør. Denne delen av skatteoppkrevjaren sitt område vert altså løyst saman med andre kommunar.

SYS IKT:

9 kommunar samarbeider innan IKT, dette er: Førde, Naustdal, Gaular, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Solund, Høyanger og Jølster. Gulen og Flora er med i deler av samarbeidet. SYS IKT har kontor i Førde kommune sine lokaler.

Næringsutvikling SNU:

Jølster, Førde, Gaular og Naustdal samarbeider om næringsutvikling i Sunnfjord gjennom SNU (Sunnfjord NæringsUtvikling).

SIS-samarbeidet:

Samarbeidsforum for ordførar og rådmenn (regionråd) for kommunane Jølster, Førde, Florø, Gaular og Naustdal. Leiarvervet går på omgang mellom ordførarane, med 2 års funksjonstid. Sekretariatet er lagt til Førde kommune.

PPT:

Samarbeidet er organisert gjennom vertskommunemodellen der Førde er vertskommune og Jølster, Naustdal, Gaular, Bremanger og Fylkeskommunen kjøper tenester.

Veterinærvakt:

Samarbeid mellom Jølster, Førde og Gaular. Ordninga er administrert av næring- og miljøeininga i Jølster kommune.

SYS IKL. (Interkommunal legevaktsentral)

Interkommunal legevaktsentral vart oppstarta 1.april 2009, dette er eit samarbeid mellom kommunane: Askvoll, Balestrand, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Høyanger, Jølster og Naustdal. SYS IKL er lokalisert i Sentralsjukehuset i Førde (Helse Førde).

SUM (Sunnfjord Miljøverk)

Renovasjonstenester er lagt til Sunnfjord Miljøverk, SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap.

Revisjon og kontrollutval

Revisjonstenesta vert utført av KRYSS-revisjon. Sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet vert utført av SEKOM sekretariat. Begge desse er interkommunale selskap innan sine område og desse funksjonane må vere atskilte.

Tenester som vert løyst av andre

Private barnehagar

Det er 4 private barnehagar i Jølster kommune i 2008. Jølster kommune mottok og overfører statstilskotet til desse barnehagane + overføring av kommunetilskot kvar månad.

Kyrkjeleg fellesråd

Kommunen har eit finansieringsansvar for kyrkjeleg aktivitet og kyrkja sine bygg og anlegg. Noverande avtale er frå 2002 og definerer mellom anna kva for stillingar Jølster kommune har finansieringsansvar for.

Økonomisk oversikt

Driftsrekneskapet

	R2011	B2011 (rev.)	B2011 (oppr.)	R2010
LN03 Brukerbetalingar	-6 534 779,58	-6 446 000,00	-6 446 000,00	-6 071 577,53
LN04 Andre sals- og leigelinntekter	-22 841 574,71	-23 226 000,00	-23 226 000,00	-20 788 783,83
LN05 Overføringer med krav til motyttingar	-36 513 874,87	-19 811 000,00	-19 811 000,00	-41 881 545,43
LN06 Rammetilskot frå staten	-94 640 765,00	-96 800 000,00	-96 800 000,00	-65 630 500,00
LN07 Andre statlege overføringer	-8 147 241,00	-6 151 000,00	-6 151 000,00	-14 963 911,00
LN08 Andre overføringer	-251 196,37	-144 000,00	-144 000,00	-35 512,03
LN09 Skatt på inntekt og formue	-57 098 462,66	-53 900 000,00	-53 900 000,00	-59 217 195,44
LN10 Egedomsskatt	-11 391 011,51	-11 750 000,00	-11 750 000,00	-9 774 044,06
LN11 Andre direkte og indirekte skattar	-1 958 914,00	0,00	0,00	-1 143 389,00
LN12 B. SUM DRIFTSINNTEKTER	-239 377 819,70	-218 228 000,00	-218 228 000,00	-219 506 458,32
LN14 Lønsutgifter	125 461 913,46	116 620 000,00	116 620 000,00	116 933 537,38
LN15 Sosiale utgifter	29 134 535,75	28 899 000,00	28 899 000,00	26 384 031,26
LN16 Kjøp som liggår i kommunal prod.	26 916 407,38	23 195 000,00	23 195 000,00	26 689 936,08
LN17 Kjøp som erstattar kommunal prod.	31 590 511,92	14 878 000,00	14 878 000,00	21 845 752,48
LN18 Overføringer	11 777 818,22	20 279 000,00	20 279 000,00	16 675 997,72
LN19 Avskrivningar	7 205 254,89	0,00	0,00	7 160 747,47
LN20 Fordelte utgifter	-384 904,48	-98 000,00	-98 000,00	-2 529 992,00
LN21 C. SUM DRIFTSUTGIFTER	231 701 537,14	203 773 000,00	203 773 000,00	213 160 010,39
LN23 D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	-7 676 282,56	-14 455 000,00	-14 455 000,00	-6 346 447,93
LN25 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-4 174 688,17	-3 460 000,00	-3 460 000,00	-3 287 416,46
LN26 Mottekne avdrag på lån	-19 486,50	-2 000,00	-2 000,00	0,00
LN27 E. SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-4 194 174,67	-3 462 000,00	-3 462 000,00	-3 287 416,46
LN29 Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	7 343 662,85	7 800 000,00	7 800 000,00	6 638 146,81
LN30 Avdragsutgifter	6 909 638,00	6 721 000,00	6 721 000,00	6 072 198,00
LN31 Utlån	77 232,22	10 000,00	10 000,00	22 499,39
LN32 F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	14 330 533,07	14 531 000,00	14 531 000,00	12 732 844,20
LN34 G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-I)	10 136 358,40	11 069 000,00	11 069 000,00	9 445 427,74
LN35 Motpost avskrivningar	-7 205 254,89	0,00	0,00	-7 160 747,47
LN36 I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-4 745 179,05	-3 386 000,00	-3 386 000,00	-4 061 767,66
LN38 Bruk av tidi. års rekn.messige m/ndreforbr.	-2 346 661,52	0,00	0,00	-5 217 260,52
LN40 Bruk av bundne fond	-3 704 619,27	-1 706 000,00	-1 706 000,00	-3 079 637,11
LN42 J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-6 051 280,79	-1 706 000,00	-1 706 000,00	-8 296 897,63
LN44 Overført til investeringsrekneskapen	1 261 094,62	2 739 000,00	2 739 000,00	317 408,66

LN46	Avsetningar disposisjonsfond	3 705 661,52	1 359 000,00	1 359 000,00	4 881 678,85
LN47	Avsetningar til bundne fond	4 907 610,61	994 000,00	994 000,00	4 812 916,26
LN49	K. SUM AVSETNINGAR	9 874 366,75	5 092 000,00	5 092 000,00	10 012 003,77
LN51	L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (-922 093,09	0,00	0,00	-2 346 661,52

Økonomisk oversikt

Investeringsrekneskapet

	R2011	B2011 (rev.)	B2011 (oppr.)	R2010
LN03 Sal av driftsmidler og fast eiendom	-60 896,00	-75 000,00	-75 000,00	-48 454,00
LN05 Overføringer med krav til motyting	-354 000,00	-379 000,00	-379 000,00	-670 683,00
LN07 Andre overføringer	20 000,00	0,00	0,00	0,00
LN08 Rentelntekter og utbytte	-4 768,00	0,00	0,00	-8 675,00
LN09 L. SUM INNTEKTER	-399 664,00	-454 000,00	-454 000,00	-727 812,00
LN13 Kjøp som inngår i kommunal prod.	16 076 367,74	31 107 000,00	27 707 000,00	9 532 172,93
LN14 Kjøp som erstatter kommunal prod.	261 834,00	450 000,00	450 000,00	0,00
LN15 Overføringer	3 152 736,54	6 598 000,00	6 598 000,00	2 037 043,32
LN16 Renteutgifter og omkostninger	103 090,62	0,00	0,00	0,00
LN17 Fordelte utgifter	84 904,48	0,00	0,00	0,00
LN18 M. SUM UTGIFTER	19 678 933,38	38 155 000,00	34 755 000,00	11 569 216,25
LN20 Avdragsutgifter	2 085 927,53	0,00	0,00	1 377 683,47
LN21 Utlån	1 563 000,00	0,00	0,00	2 118 738,00
LN22 Kjøp av aksjer og andeler	389 936,00	400 000,00	400 000,00	347 973,00
LN23 Dekking av tidl. års udekket	1 294 547,81	0,00	0,00	1 097 495,40
LN24 Avsetn. til ubundne inv.fond	118 636,00	0,00	0,00	14 619,85
LN25 Avsetn. til bundne fond	336 725,00	0,00	0,00	982 178,00
LN27 N. SUM FINANS.TRANS.	5 788 772,34	400 000,00	400 000,00	5 938 687,72
LN28 O. FINANS.BEHOV (M+N-L)	25 068 041,72	38 101 000,00	34 701 000,00	16 780 091,97
LN30 Bruk av lån	-21 405 853,10	-32 610 000,00	-31 610 000,00	-13 860 329,19
LN31 Mottekne avdrag på utlån	-704 814,00	0,00	0,00	-2 021 624,48
LN32 Sal av aksjer og andeler	-118 636,00	0,00	0,00	0,00
LN34 Overføringer fra driftsrekn.	-1 261 094,62	-2 691 000,00	-2 691 000,00	-317 408,66
LN36 Bruk av ubundne inv.fond	-599 936,00	-400 000,00	-400 000,00	-347 573,00
LN37 Bruk av bundne fond	-977 708,00	-2 400 000,00	0,00	-242 871,00
LN39 R. SUM FINANSIERING	-25 068 041,72	-38 101 000,00	-34 701 000,00	-16 789 806,33
LN40 S. UDEKKA/UDISP. (O-R)	0,00	0,00	0,00	-9 714,36

Hovudoversikt

Balanserekneskapet

	R2011	R2010
LN01 A. Anleggsmidler	491 856 992,92	461 363 242,70
LN02 Faste eiendommer og anlegg	238 822 249,81	228 065 002,25
LN03 Utstyr, maskiner og transportmidler	8 288 243,48	7 145 607,54
LN04 Utlån	7 725 738,63	6 809 806,91
LN05 Aksjer og andeler	21 798 433,00	21 478 497,00
LN051 Pensjonsmidler	215 222 328,00	197 864 329,00
LN06 B. Omløpsmidler	109 485 087,40	81 012 673,90
LN07 Kortsiktige fordringer	16 309 813,96	14 121 095,15
LN071 Premieavvik	6 223 670,00	7 796 968,00
LN11 Kasse, postgros, bankinnskott	86 951 603,44	59 094 610,75
LN12 SUM EIGEDELER (A + B)	601 342 080,32	542 375 916,60
LN13 C. Egenkapital	-94 072 726,45	-91 473 407,56
LN14 Disposisjonsfond	-12 926 340,37	-9 220 678,85
LN15 Bundne driftsfond	-16 469 818,92	-15 266 827,58
LN16 Ubundne investeringsfond	-582 744,89	-1 064 044,89
LN17 Bundne investeringsfond	-446 294,14	-1 087 277,14
LN171 Endring i regnskapsprinsipp som påvir. AK dri	-1 625 051,00	-1 625 051,00
LN18 Regnskapsmessig mindreforbruk	-922 093,09	-2 346 661,52
LN21 Kapitalkonto	-61 100 384,04	-62 157 414,39
LN219 D. Gjeld	-507 269 353,87	-450 902 509,04
LN22 Langsiktig gjeld	-477 364 206,00	-429 609 278,53
LN221 Pensjonsforpliktingar	-256 508 674,00	-237 368 181,00
LN25 Andre lån	-220 855 532,00	-192 241 097,53
LN26 Kortsiktig gjeld	-29 905 147,87	-21 293 230,51
LN27 Kassekredittlån	2 339 047,00	2 508 421,00
LN28 Anna kortsiktig gjeld	-32 189 211,87	-23 746 668,51
LN281 Premieavvik	-54 983,00	-54 983,00
LN29 SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C +D)	-601 342 080,32	-542 375 916,60
LN30 E. Memoriakonto	0,00	0,00
LN31 Ubrukte lånemidler	45 114 495,65	28 910 348,75
LN32 Andre memoriakonti	1 128 731,96	636 274,37
LN33 Motkonto for memoriakontiane	-46 243 227,61	-29 546 623,12

Hovudoversikt

1A - Driftsrekneskapet

	R2011	B2011 (rev.)	B2011 (oppr.)	R2010
LN01 Skatt på inntekt og formue	-57 098 462,66	-53 900 000,00	-53 900 000,00	-59 217 195,44
LN02 Ordinært rammetilskot	-94 640 765,00	-96 800 000,00	-96 800 000,00	-65 630 500,00
LN03 Skatt på eiendom	-11 391 011,51	-11 750 000,00	-11 750 000,00	-9 774 044,06
LN04 Andre direkte eller indirekte skattar	-1 958 914,00	0,00	0,00	-1 143 389,00
LN05 Andre generelle statstilskot	-8 147 241,00	-6 151 000,00	-6 151 000,00	-14 963 911,00
LN06 Sum frie disponible inntekter	-173 236 394,17	-168 601 000,00	-168 601 000,00	-150 729 039,50
LN07 Renteinntekter og utbytte	-4 174 688,17	-3 460 000,00	-3 460 000,00	-3 287 416,46
LN08 Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	7 343 662,85	7 800 000,00	7 800 000,00	6 638 146,81
LN09 Avdrag på lån	6 909 638,00	6 721 000,00	6 721 000,00	6 072 198,00
LN10 Netto finansinntekter/-utgifter	10 078 612,68	11 061 000,00	11 061 000,00	9 422 928,35
LN12 Til ubundne avsetningar	3 705 661,52	1 359 000,00	1 359 000,00	4 881 678,85
LN13 Til bundne avsetningar	4 907 610,61	994 000,00	994 000,00	4 812 916,26
LN14 Bruk av tidl. å. rekn.m. mindreforbr	-2 346 661,52	0,00	0,00	-5 217 260,52
LN16 Bruk av bundne avsetningar	-3 704 619,27	-1 706 000,00	-1 706 000,00	-3 079 637,11
LN17 Netto avsetningar	2 561 991,34	647 000,00	647 000,00	1 397 697,48
LN18 Overført til investeringsbudsjettet	1 261 094,62	2 739 000,00	2 739 000,00	317 408,66
LN19 Til fordeling drift	-159 334 695,53	-154 154 000,00	-154 154 000,00	-139 591 005,01
LN20 Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	158 412 602,44	154 154 000,00	154 154 000,00	137 244 343,49
LN21 Rekneskapsmessig meir-/mindrefor	-922 093,09	0,00	0,00	-2 346 661,52

Hovudoversikt

1B - Driftsrekneskapet

		R2011	B2011 (rev.)	B2011 (oppr.)	R2010
120	Sentraladministrasjon	16 149 190,31	16 126 000,00	16 126 000,00	15 124 848,45
200	Oppvekst og kultur felles	14 080 356,71	13 583 000,00	13 583 000,00	2 085 431,92
210	Skel skule	16 428 854,91	16 906 000,00	16 906 000,00	16 490 840,49
211	Vassenden skule	23 567 940,01	23 705 000,00	23 705 000,00	22 999 536,48
250	Kulturskulen	872 434,94	800 000,00	800 000,00	801 979,51
270	Skel barnehage	2 958 413,48	3 024 000,00	3 024 000,00	885 813,05
271	Langhaugane barnehage	6 804 517,01	7 310 000,00	7 310 000,00	1 794 082,80
300	Helse og sosial felles	1 067 170,53	1 397 000,00	1 397 000,00	998 601,75
312	Helsestasjon	1 811 846,45	1 841 000,00	1 841 000,00	1 684 372,71
313	Fysioterapi	1 015 569,10	1 115 000,00	1 115 000,00	887 053,22
320	Legetenesta	4 065 849,37	3 621 000,00	3 621 000,00	3 102 288,68
340	Psykisk helsevern	4 031 604,51	4 649 000,00	4 649 000,00	4 036 409,99
350	NAV sosialtenesta	9 182 109,81	10 315 000,00	10 315 000,00	9 213 278,82
351	Flyktningbusetjing	-2 071 388,73	-395 000,00	-395 000,00	-1 160 362,60
371	Helmetenesta Skel	5 164 220,43	5 411 000,00	5 411 000,00	5 091 410,34
372	Skel bufellesskap	15 846 021,10	15 131 000,00	15 131 000,00	15 382 131,68
373	Heimly bufellesskap	4 727 537,88	5 150 000,00	5 150 000,00	4 546 208,02
381	Helmetenesta Vassenden	4 424 813,52	5 205 000,00	5 205 000,00	3 631 945,11
382	Vassenden busenter	12 309 559,00	11 670 000,00	11 670 000,00	12 090 963,21
400	Plan, næring, drift felles	-1 620 437,02	-3 308 000,00	-3 308 000,00	-1 091 374,83
510	Biblioteket	1 080 221,89	1 014 000,00	1 014 000,00	925 151,60
610	Plan og bygg	1 502 221,20	1 634 000,00	1 634 000,00	1 450 967,14
620	Drift/komtek avlftsområda	492 457,59	0,00	0,00	310 582,83
621	Drift og kommunalteknikk	10 426 836,25	9 143 000,00	9 143 000,00	6 639 160,02
650	Næring og miljø	2 407 985,54	2 273 000,00	2 273 000,00	2 096 193,22
900	Finansielle føremål	-156 725 905,79	-157 320 000,00	-157 320 000,00	-130 017 513,61

Hovudoversikt

2A - Investeringsrekneskapet

	R2011	B2011 (rev.)	B2011 (oppr.)	R2010
LN01 Investeringar i anleggsmidler	20 068 869,38	38 555 000,00	35 155 000,00	11 917 189,25
LN02 Utlån og forskotteringar	1 563 000,00	0,00	0,00	2 118 738,00
LN03 Avdrag på lån	2 085 927,53	0,00	0,00	1 377 683,47
LN04 Avsetningar	1 749 908,81	0,00	0,00	2 094 293,25
LN05 Årets finansieringsbehov	25 467 705,72	38 555 000,00	35 155 000,00	17 507 903,97
LN07 Bruk av lånemidler	-21 405 853,10	-32 610 000,00	-31 610 000,00	-13 860 329,19
LN08 Inntekter frå sal av anleggsmidler	-179 532,00	-75 000,00	-75 000,00	-48 454,00
LN09 Tilskot til investeringar	20 000,00	0,00	0,00	0,00
LN10 Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-1 058 814,00	-379 000,00	-379 000,00	-2 692 307,48
LN11 Andre inntekter	-4 768,00	0,00	0,00	-8 675,00
LN12 Sum ekstern finansiering	-22 628 967,10	-33 064 000,00	-32 064 000,00	-16 609 765,67
LN13 Overført frå driftsbudsjettet	-1 261 094,62	-2 691 000,00	-2 691 000,00	-317 408,66
LN14 Bruk av avsetningar	-1 577 644,00	-2 800 000,00	-400 000,00	-590 444,00
LN15 Sum finansiering	-25 467 705,72	-38 555 000,00	-35 155 000,00	-17 517 618,33
LN16 Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	-9 714,36

Hovudoversikt


2B - Investeringsrekneskapet

	R2011	B2011 (rev.)	B2011 (oppr.)	R2010
0000 Avsetting/bruk av resultat i Investering	0,00	0,00	0,00	14 184,36
1000 Finansposteringsar	1 605 864,48	400 000,00	400 000,00	347 973,00
1010 Aviaupsplan	0,00	0,00	0,00	103 850,00
1100 Trafikktryggleiksplan	90 096,06	0,00	0,00	0,00
1230 Utstyr/IKT	0,00	0,00	0,00	90 000,00
1350 komm.veg Sunde/Sægrov + Sandal	0,00	0,00	0,00	8 056,25
1370 Skel vassverk, vassbehandling	123 174,40	0,00	0,00	1 063 037,82
1400 Vass.vassverk/Øygardsmyrane/Bjorkella	0,00	0,00	0,00	200 396,00
1530 Pumpestasjon - Viken	-300 000,00	0,00	0,00	0,00
1580 Vassenden skule, arbeidsmiljøtiltak	41 998,38	0,00	0,00	41 998,38
1610 Astruptunet - utvikling	-140 976,49	0,00	0,00	0,00
1680 Næringsareal	208 577,75	0,00	0,00	5 487,50
1690 Omsorgsbustader Vassenden	38 796,00	0,00	0,00	745 374,19
1710 Kommunal garasje gnr.29 bnr.150	0,00	0,00	0,00	16 801,00
1720 Barnehage, Vassenden	13 715 890,50	28 500 000,00	28 500 000,00	833 316,82
1780 Midttunet 2007	68 988,75	0,00	0,00	0,00
1790 Gang- og sykkelveg Vassenden	28 250,00	0,00	0,00	6 325,00
1820 Navkontor i Jølster	18 343,75	0,00	0,00	407 736,67
1860 Skel stadion, kunstgras	0,00	0,00	0,00	214 619,85
1900 Skuleløyising IKT	0,00	0,00	0,00	415 421,00
1910 Ltsarmatur Ålhus kyrkje	0,00	0,00	0,00	250 000,00
1920 Tiltakspakke 2009	0,00	0,00	0,00	263 500,00
1930 Grunnerverv	145 000,00	0,00	0,00	0,00
1940 Båt-/naustplass Skelsbukta	31 215,38	0,00	0,00	44 478,00
2000 Brannvegg-Skel oms.senter	107 670,00	0,00	0,00	0,00
2010 Tiltakspakke	0,00	0,00	0,00	122 957,62
2020 Ristpresse	0,00	0,00	0,00	43 487,20
2050 Ola-tunnelen, sikring	0,00	0,00	0,00	391 703,13
2060 Helgheim kyrkje 2009	95 187,50	0,00	0,00	0,00
2070 Utstyr/IKT 2010	0,00	0,00	0,00	263 725,00
2080 Bustadfelt 2010	573 794,99	0,00	0,00	620 310,65
2130 Kommunehuset 2010	0,00	0,00	0,00	531 381,00
2140 Moskog næringsareal	586 045,00	0,00	0,00	211 143,00
2150 Stadutvikling 2010	75 172,00	0,00	0,00	335 062,50

2170	GPS plan og bygg	0,00	0,00	0,00	253 617,63
2190	Sansehage Skei omsorgssenter	0,00	0,00	0,00	189 184,00
2200	Rehab bygg og anlegg 2010	932 156,99	0,00	0,00	2 808 875,21
2210	Skei barnehage f.o.m.2010	0,00	0,00	0,00	105 309,00
2220	Utskifting av PCB.armatur i gatelys	0,00	0,00	0,00	799 517,39
2230	Kjølerom skei Omsorgssenter	0,00	0,00	0,00	289 180,05
2240	Tilbyg skei barnehage 2010-2011	0,00	0,00	0,00	49 652,99
2250	Rehab. Langhaugane reinseanlegg 2010	48 179,56	0,00	0,00	132 543,64
2260	Bjørkelia - grunnkjøp	0,00	0,00	0,00	330 423,00
2270	Trafikkbryggingstiltak - Skei skule 2010	311 884,50	0,00	0,00	64 423,60
2280	Agresso oppdatering 2010	160 355,00	0,00	0,00	0,00
2290	IKT/utstyr 2011	147 656,00	200 000,00	200 000,00	0,00
2291	Bustadfelt 2011	0,00	500 000,00	500 000,00	0,00
2292	Trafikktrygging 2011/12	0,00	450 000,00	450 000,00	0,00
2293	Enøktiltak 2011/12	28 750,00	100 000,00	100 000,00	0,00
2294	Avlaupsplan 2011	0,00	1 000 000,00	1 000 000,00	0,00
2295	Hovudplan vatn 2011	0,00	1 000 000,00	1 000 000,00	0,00
2296	Stadutvikling 2011	0,00	300 000,00	300 000,00	0,00
2297	Kyrkjeleg fellestråd 2011/12/13	0,00	175 000,00	175 000,00	0,00
2298	IKT Server/Agresso 2011	333 437,00	300 000,00	300 000,00	0,00
2299	IKT Skuleløysing 2011	146 245,00	150 000,00	150 000,00	0,00
2300	Kopimaskiner, kommunehuset 2011	336 840,00	380 000,00	380 000,00	0,00
2301	Bilar drift og hometeneste 2011	1 571 488,50	1 500 000,00	1 500 000,00	0,00
2302	Kvitevarer pleie og omsorg 2011	28 460,00	100 000,00	100 000,00	0,00
2303	Astruptunet - prosjektering 2011	0,00	100 000,00	100 000,00	0,00
2305	Eikaasgalleriet, tilrettelegging musikkrom	328 280,19	0,00	0,00	0,00
2310	Omsorgsbustader/rehab Skei 2012	0,00	500 000,00	0,00	0,00
2314	Fosshelm Industri 2011/2012	0,00	2 900 000,00	0,00	0,00
7030	Formidlings-/startlån	3 980 884,53	0,00	0,00	4 979 077,68


Økonomisk oversikt 2011 Jølster kommune

Lønsutgifter	154596449
Innkjøp komm tenesteprod	296916407
Innkjøp erst komm tenestepr	31590511
Overføringer	11777818
Renter og avdrag	1425300
Utlån	77232
Fordeelte utgifter	384904
Investeringar	19678933




Økonomisk oversikt 2011 Jølster kommune

Brukarbetaling	6534780
Salgs/leigeinntekter	22841574
Overføringer	36513874
Rammetilskot	94640765
Andre statlege overføringer	8147241
Andre overføringer	251196
Skatteinntekter	57098462
Eigedomsskatt	11391011
Div andre inntekter	1958914
Renteinntekter	4174688
Avdrag på utlån	19486



Teknisk risikovurdering revisjonsabstrakter Jølster 2012

Løn og personal	604
Innkjøpsområdet	132
Overføringer	130
Anleggsmidler	488
Inntekter/salgsmrådet	692
Finansområdet	286
Likvidområdet	16
Finansiell rapportering	200
IKT	210
Særrettastasjonar mv	100



PLAN- OG STYRINGSSYSTEM

(Førebels illustrasjon som vi arbeider med i samband med kommuneplan)

<p>Kommunal planstrategi Minst ein gong kvar valperiode Strategiske val, evaluering av hovudmål for kommunen Planbehov Pbl § 10-1</p>
<p>Kommuneplan Samfunnsdelen Arealdelen Utarbeiding av hovudmål for kommunen 12 års perspektiv, vurderast kvart 4. år Pbl §§ 11.1, 11.2, 11.5 og Kl § 5</p>
<p>Kommunedelplanar, fag- og temaplanar Utdjuping av hovudmål for kommunen Til dømes psykiatriplan, pleie- og omsorgsplan, skule- og barnehageplan. Pbl § 11.1 og andre relevante lover</p>
<p>Økonomiplan (med kommuneplanen sin handlingsdel) 4 års perspektiv, vurderast årleg Knytast til hovudmål i kommuneplanen Kl § 44 og Pbl §§ 11.1. og 11.3</p>
<p>Verksemdplan 4 års perspektiv, vurderast årleg Mål for dei enkelte verksemdene, knytt til budsjett, vert nytta til rapportering</p>
<p>Budsjett Gjennomføring av hovudmål og verksemdsmål 1 årig Kl § 45</p>
<p>Arsmelding og årsrekneskap Evaluering av mål og planar 1 årig Kl § 48</p>

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet			AHE

Sakshandsamar: Amar Helgheim	Arkiv: FE-146, FA-	Arkivsaknr 12/735
---------------------------------	-----------------------	----------------------

10 på topp

Vedlegg:

Saksutgreiing:

I samband med budsjettet og verksemdplan for 2012, vart det også vedteke ei «10 på topp»-liste for vikte oppgåver i 2012. I denne saka kjem vi med informasjon om status for desse sakene. I samband med handsaminga er det også høve til å gi nye signal om prioriteringar og satsinga. For kvart nytt tiltak som skal prioriterast så må noko anna prioriterast ned.

Kommunestyret sitt vedtak om "10 på topp" for 2012 (sak 57/11):

***Planrevisjon.** Vi skal innan april presentere utkast til planstrategi og planprogram for vidare framdrift med kommuneplanen. Ved utgangen av året skal vi ha klart høyringsutkast for samfunnsdelen i planen. Målet er å slutføre politisk handsaming av kommuneplanen i 3. kvartal i 2013.

***Samhandlingsreforma - omsorgsbustadar og rehabiliteringseining.** Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å ta del i interkommunalt samarbeid om kartlegging og vurdering av tenestetilbodet. Vi skal planleggje utvidingar og styrking av helse- og omsorgstenestene slik at kommunen sjølv kan levere tenester som vert overført frå spesialisthelsetenesta – eventuelt inngå i interkommunalt samarbeid. I første kvartal skal vi handsame tilrådinga frå arbeidsgruppa oppretta med utgangspunkt i økonomiplanvedtak om 7 nye omsorgsbustader og rehabiliteringseining på Skei. Deretter skal vi umiddelbart starte detaljplanlegging og bygging. Vi skal følgje med på korleis dei nye finansieringsordningane ved sjukehusinnlegging slår ut. Vi skal planleggje det førebyggjande helsearbeidet i eit folkehelseperspektiv.

***Langhaugane barnehage.** Vi skal byggje Langhaugane barnehage i samsvar med vedteken budsjetttramme og framdriftsplan. Barnehagen skal takast i bruk i august.

***E-39.** Vi skal delta i arbeidsgruppe i regi av Statens Vegvesen og ivareta kommunen sine interesser i samband med planlegging av ny E-39 på strekninga Bjørset – Skei.

***Treningshall / utbetring av gymnastikksalane.** Vi skal seinast i januar leggje fram forslag til korleis arbeidet med utgreiing av treningshall / utbetring av gymnastikk-

salane ved skulane kan organiseras. Utreiing av banekapasitet /kunstgras Vassenden inngår i dette arbeidet. Deretter skal vi bidra i og ha sekretærfunksjonen for ei utgreiingsgruppe som m.a. skal vurdere behov, tekniske løysingar, lokalisering, finansiering og drift. Dette arbeidet skal sjåast i samanheng med påbyrja arbeid med å vurdere behov for utbygging av skulane og-Skei barnehage.

***Fornyingsarbeid.** Vi skal vidareføre fornyingsarbeidet i kommunen ved m.a. å ta i bruk nytt arbeidstidsplanleggingssystem og politikarportal (papirlaust politisk arbeid). Iverksetje utbygging av fiber til verksemdar og innbyggjarar. Finansierte dette ved å søkje om tilgjengeleg statlege midlar/samarbeid med IT-forum. Finansiering eventuelt via kraftfond.

***Kvalitetsutviklingsarbeid og organisasjonsgjennomgang.** Vi skal vidareføre kvalitetsutviklingsarbeidet med utgangspunkt i CAF-prosjektet. I andre kvartal skal vi starte ein organisasjonsgjennomgang - først med spesielt fokus på små teneste-einingar og enkeltmedarbeidarar på kommunehuset m.a. på område som folkehelse, frivillig arbeid, kultur og næringsarbeid. Må spesielt sjå på ei stilling i arbeidet med organisasjonsgjennomgangen skal kommunen arbeide for å få på plass ei kulturstilling

***Dagtilbod for eldre.** Vi skal i andre kvartal utgreie alternativ organisering og samarbeid om drift av dagsentra - dagtilbod for eldre og andre hjelpetrengjande.

***Omdømearbeid, profilering og informasjon.** Vi skal ta opp igjen omdømearbeidet og ha tiltak for å auke tilbakeflytting. Framover må vi førebu oss på styrka konkurranse om nye innbyggjarar, etablering av næringsverksemd og å få fleire turistar. I samarbeidet med aktuelle aktørar skal vi difor søke å utvikle felles profilmalar for m.a. produktmerking, papir og elektronisk, og starte produksjon av informasjonsmateriell mot ulike målgrupper.

***Vatn og avløp.** Vi skal revidere hovudplan for vatn og hovudplan for avløp innan tredje kvartal.

Kommentarar til status pr i dag:

Planrevisjon: Planprogram og planstrategi er vedtekne. Norconsult er valt til å delta i sjølve kommuneplanarbeidet. Administrasjonen hadde oppstartmøte med Norconsult den 20. august. Vi kjem til å bruke nettsida og Facebookgruppa til å invitere til generelle innspel med frist i september. Det blir opne folkemøte 2. og 3. oktober.

Samhandlingsreforma – omsorgsbustadar og rehabiliteringseining: 2 mnd forseinking i høve politisk vedtak. Anbod på prosjektering: Prosjektore Skei og Vassenden kvar for seg. Utbygging på Skei først for å kunne plassere bebuarar på Vassenden før ombygging der tek til. Det har vore personalmøte og møte med bebuarar og pårørande i begge sonene. Val av arkitekt i løpet av september. Anbod på prosjektering Skei: anbodsdokument 01.11.12. Val av entreprenør: 01.03.13. Interkommunalt prosjekt: Vi er framleis med i samarbeidsprosjekta. Folkehelsedelen: prioritert frå september 2012.

Langhaugane barnehage: Barnehagen vart teken i bruk frå og med 15. august. Det blir offisiell opning den 29. september.

E-39: Behandling av planen utsett til slutten av 2012. Det vert såleis ikkje klart til bygging før 2013.

Treningshall / utbetring av gymnastikksalane: Oppstart arbeidsgruppa i mai. Drøfting med private barnehagar i Skei-området 21. mai. OKH er orientert om status opptak i barnehagane. Arealbehov ved skulane er kartlagt. Dette blir drøfta med samarbeidsutvala ved skulane i september.

Fornyingsarbeid: Politikarportal: fellesprosjektet med andre kommunar tek lenger tid enn vi la opp til. Formannskapet i Jølster vart pilot med utdeling av lese Brett før sommaren. Arbeidstidsplanleggingssystem: leverandør blir Tieto. Vidare arbeid er organisert som eit innføringsprosjekt med oppstartmøte saman med dei andre kommunane den 21.8.12.

Kvalitetsutviklingsarbeid og organisasjonsgjennomgang:

organisasjonsgjennomgang flytta til 3. kvartal.

Kvalitetsutviklingsarbeid: vidareføre CAF og kompetanseplan er i gang.

Dagtilbod for eldre: arbeidsfrist for gruppa: 01.11.12.

Omdømearbeid, profilering og informasjon: Arbeidet utsett til 4. kvartal 2012. Drøftast med Jølster Næringsforum.

Vatn og avlaup: ved tidsnød prioritere økonomisk del til 02.10.12.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framdrifta i 10-på topp vert teken til orientering.

Handsaming i Formannskapet 28.08.2012:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.


FSK-040/12 Vedtak:

Framdrifta i 10-på topp vert teken til orientering.

.....

,

Dokumentliste:






JØLSTER KOMMUNE
Leiargruppa

Saknr.
AHE 12/693 - 1

Arkivkode
255,

Dato
22.08.2012



JØLSTER KOMMUNE

EIGARSKAPSMELDING

Innhold

1	<u>KVA ER EI EIGARSKAPSMELDING?</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
2	<u>GENERELT / INNLEIING</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
3	<u>DEI ULIKE FORMENE FOR SELSKAP</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
3.1	<u>SELSKAPS- OG FØRETAKSFORMER FOR KOMMUNAL SEKTOR</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
4	<u>TILRÅDINGAR FRÅ KOMMUNENES SENTRALFORBUND (KS)</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
5	<u>EIGARSKAPSSTRATEGI FOR JØLSTER KOMMUNE</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6	<u>EIGARSKAPSPOLITIKK</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.1	<u>VURDERINGER OG VAL AV SELSKAPSFORM</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.2	<u>FØREMÅL MED KOMMUNEN SIN EIGARSKAP</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.3	<u>SELSKAPSSTRATEGI OG SELSKAPSAVTALE / VEDTEKTER</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.4	<u>UTBYTTE</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.5	<u>SAMFUNNSANSVAR OG ETIKK</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.6	<u>VALKOMITÉ FOR STYREUTNEMNING I SELSKAP</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.7	<u>STYRET – ANSVAR, HABILITET OG LOJALITET</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
6.8	<u>GJENNOMFØRING AV EIGARMØTE</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
7	<u>UTØVING AV KOMMUNALT EIGARSKAP</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
7.1	<u>VAL AV UTSENDING TIL GENERALFORSAMLING OG VAL AV STYRE</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
7.2	<u>OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALDE</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
7.3	<u>REGISTRERING AV STYREVERV</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
7.4	<u>HABILITERINGSVURDERING AV STYREREPRERANTAR</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
7.5	<u>TILSYN OG KONTROLL</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
8	<u>SELSKAP SOM JØLSTER KOMMUNE ER MEDEIGAR / DELTAKAR I</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9	<u>OMTALE AV SELSKAPA</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.1	<u>FIRDA PRODUKT AS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.2	<u>FIRDA BILLAG AS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.3	<u>ENIVEST AS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.4	<u>JØLSTER SKISENTER AS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.5	<u>SUNNFJORD ENERGI AS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.6	<u>SUNNFJORD MILJØVERK IKS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.7	<u>SUNNFJORD NÆRINGSUTVIKLING AS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.8	<u>SUNNLAB AS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.9	<u>KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE (KLP)</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
9.10	<u>ALARMSENTRALEN SOGN OG FJORDANE IKS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
10	<u>INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSTILTAK</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
10.1	<u>KRYSS REVISJONEN</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
10.2	<u>SEKOM SEKRETARIAT</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
10.3	<u>SYS IKT</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
10.4	<u>SYS IKL</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
10.5	<u>SIS</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
11	<u>OMTALE AV STIFTINGAR</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
11.1	<u>STIFTINGA SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
11.2	<u>STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE</u>	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.

1 Kva er ei eigarskapsmelding?

Eigarskapsmelding er eit overordna politisk styringsdokument for verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ.

Alle kommunane bør (skal) utarbeide ei eigarskapsmelding som vert handsama politisk. Omfanget av meldinga kan variere frå kommune til kommune. For å unngå at eigarskapsmeldinga vert så omfattande at føremålet druknar i detaljar, er det her valt å gjere eigarskapsmeldinga relativt kortfatta og å gi ein kortfatta presentasjon av selskapa som Jølster kommune er medeigar i.

Frå KS og andre er det tilrådd at eigarskapsmeldinga vert gjennomgått og eventuelt revidert kvart år i kommunestyret. For Jølster kommune er dette den første eigarskapsmeldinga som er utarbeidd, og det er grunn å rekne med at det vert gjort tilpassingar ved seinare revisjonar.

Sjølv om eigarskapsmeldinga primært skal handle om selskapa, er det rådd til at vi òg har med noko om interkommunalt samarbeid. Ei eigarskapsmelding bør som minimum innehalde:

1. Oversyn over kommunal verksemd som er lagt til selskap og samarbeid.
1. Politisk (prinsipp for eigarstyring) og juridisk styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskapa og samarbeidsformene.
2. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa.

Ei eigarskapsmelding skal sikre naudsynte styringssignal til selskapa og gjere tydelegare politikanane sitt ansvar. Eigarskapsmeldinga vil òg medverke til å skaffe eit oversyn over kommunen si samla verksemd. Den vil gi folkevalde høve til å setje seg inn i dei juridiske rammene for styring av ulike selskapsformer. Vidare vil den medverke til meir informasjon til omverda i høve den samla kommunale verksemda.

Gjennom eigarskapsmeldinga kan kommunen òg gi meir overordna styringssignal til styra i selskapa, t.d. om politiske mål knytt til miljø, likestilling, open forvaltning, etikk osv. Eigarskapsmeldinga bør seie noko om ansvaret mellom selskap og eigar. Kommunestyret skal ikkje detaljstyre selskapa gjennom eigarskapsmeldinga, men medverke til å sikre samhandling og kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyret.

1 Generelt / innleiing

Eigarskapsmeldinga skal tene til å gje ein heilskapleg og føreseieleg eigarskap med sikte på å oppnå god samfunnsmessig avkastning på den kapitalen som er investert. For kommunen som eigar er det i denne samanhengen viktig å sjå på omfang og kvalitet av tenester og verdiar for samfunnet, like mykje som økonomisk avkastning for kommunen som eigar.

Jølster kommune skal vere ein krevjande eigar med klare mål for eigarskapen sin. Med *eigarstrategi* meiner vi å setje i verk planmessige val for å oppnå kommunen sine mål med eigarskapen.

Jølster kommune sine mål for å gå inn i ulike selskap har vore å oppnå ein kostnadseffektiv tenesteproduksjon, betre kvalitet på tenester, betre ansvars- og oppgåvedeling og å sikre at aktuelle tenester har vore tilgjengelege for innbyggjarane i kommunen. Desse måla saman

med kommunen sine overordna prinsipp for eigarskap slik desse går fram av kapittel 3, skal liggje til grunn for kommunen sitt arbeid med eigarstrategiar. Eigarstrategien skal uttrykkje politisk vilje.

2 Dei ulike formene for selskap

2.1 Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor

Det er i hovudsak tre modellar som er aktuelle for kommunar ved utskiljing av verksemd:

1. Eit aksjeselskap (AS) kan eigast av ein kommune aleine, saman med andre kommunar eller private rettssubjekt. I eit AS har eigarane avgrensa risiko (avgrensa til tap av aksjekapital) for dei økonomiske pliktene for selskapet. Det øvste eigarorganet i selskapet er generalforsamlinga.
1. Eit interkommunalt selskap (IKS) etter lov om interkommunale selskap kan berre ha kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap som eigarar. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for dei økonomiske pliktene selskapet har. Det øvste eigarorganet er representantskapen.
2. Stiftingar. Kommunar står fritt til å etablere stiftingar (Stiftelsesloven av 2001). Den / dei som opprettar stiftinga står fritt til å fastsette føremålet. Stiftinga er eit sjølvstendig rettssubjekt. I motsetnad til AS og IKS har ikkje stiftingar eigarar. Korkje opprettar eller andre kan med grunnlag i eigedomsretten utøve styring over verksemda i stiftinga eller gjere krav på del i stiftinga sitt overskot.

Følgjande organisasjonsformer fell formelt sett utanfor rammene for ei eigarskapsmelding, av di desse er ein integrert del av verksemda i kommunen:

1. Kommunalt / fylkeskommunalt føretak etter Kommunelova kap 11. Føretaket er ikkje ein eigen juridisk person, men del av kommunen / fylkeskommunen som rettssubjekt, og kommunen heftar for dei økonomiske og andre pliktene som føretaket har.
1. Interkommunale samarbeid / styre etter Kommunelova § 27. Kommunane står fritt til å samarbeide på ulike område utan at det er overført avgjerdsmynde eller representasjonskompetanse ved bruk av Kommunelova § 27. Samarbeidstiltaket er som regel sjølvstyrt i det daglege arbeidet, t.d. med rekneskapsføring osv., og samarbeidskommunane fordeler dei økonomiske pliktene etter nærare avtalt fordelingsnøkkel.
2. Vertskapskommunesamarbeid etter Kommunelova §§ 28a – 28k. Eit tillegg i kommunelova vart gjort gjeldande frå 01.01.2007. Tillegget opnar for å kunne inngå eit vertskommunesamarbeid ved at ein eller fleire kommunar (samarbeidskommunar) overtek det daglege arbeidet på eit nærare oppgitt ansvarsområde. Ein av samarbeidskommunane overtek t.d. arbeidsgjevar- og rekneskapsansvar for alle kommunane i samarbeidet, medan dei økonomiske pliktene vert fordelt etter nærare avtalt fordelingsnøkkel.

For at ikkje denne meldinga skal verte for omfattande, vert det ikkje gått nærare inn på kva som særpregar dei ulike organisasjonsformene

3 Tilrådingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS)

Det har vore ein jamn auke i tal selskap i kommune-Noreg. Tal frå føretaksregisteret stadfestar at denne trenden held fram. Når kommunar i aukande grad nyttar utskiljing av

verksemder i sjølvstendige rettssubjekt og føretak inneber det at den politiske styringslinja endrar karakter. Den tradisjonelle forvaltningsstyringa vert erstatta av eigarstyring.

Ein aktiv eigarskap er grunnleggjande for ei best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiane og har direkte konsekvensar for selskapa, deira disponeringar og deira marknadsposisjon. Samstundes vil ein aktiv eigarskap gi viktige signaleffektar ut mot omverda og vere med på å styrkje omdømmet til kommunane.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har utarbeidd 19 tilrådingar for aktiv eigarskap:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
1. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
2. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale / vedtekter
3. Vurderingar og val av selskapsform
4. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
5. Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap
6. Samansetjing og funksjon for eigarorgan
7. Gjennomføring av eigarmøte
8. Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor
9. Valkomité for styreoppnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap
10. Rutiner for kompetansevurdering av selskapsstyra
11. Styresamansetjing i konsernmodell
12. Oppnemning av vararepresentantar
13. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra
14. Kjønnrepresentasjon i styra
15. Godtgjersle og registrering av styreverv
16. Arbeidsgjevartilhøyrsløse i sjølvstendige rettssubjekt
17. Utarbeiding av etiske retningslinjer
18. Administrasjonssjefen si rolle i kommunale og fylkeskommunale føretak

Fleire av desse delområda – t.d. nr. 14 om habilitet for politisk oppnemnde styremedlemmer – er det aktuelt å ta opp for nærare presentasjon og drøffing under kommunal eigarskap som tema på ein politikardag.

4 Eigarskapsstrategi for Jølster kommune

Det er naturleg at Jølster kommune har ein prinsipiell eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig eller er medeigar i. Med utgangspunkt i eigarskapsstrategiar vedtekne i andre kommunar som det er naturleg å samanlikne med, kan dette leggjast til grunn som ein kommunal eigarskapsstrategi for Jølster:

1. Jølster kommune skal utøve ein aktiv eigarskap gjennom å utforme klåre krav og forventningar til selskapa, og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med vedtak / føringar i Jølster kommunestyre.
1. Utsendingane til dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, skal ivareta Jølster kommune sine interesser i selskapa. Denne utøvinga skal avspegle fleirtalet i kommunestyret. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med kommunestyret når det er naudsynt og minst

ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste kommunestyremøte, kan dei drøftast med formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa som Jølster kommune er eigar i, eller når det er saker av større prinsipiell og / eller økonomisk karakter også i dei mindre selskapa.

2. Medlemmer av Jølster kommunestyre kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i kommunestyret, skal forskrifter frå Kommunal- og regionaldepartementet og forvaltningslova sine reglar om habilitet leggast til grunn.
3. Jølster kommune skal vere tilbakehalden til å opprette eller gå inn som medeigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriterium:
 - Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
 - Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
 - Kommunen kan organisere delar av den kommunale / interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med dei strategiane kommunen legg til grunn for den kommunale verksemda.
4. I selskap med næringsdrift vil Jølster kommune som utgangspunkt stille krav om avkasting på investert kapital (utbytte).
5. Som hovudregel vert det teke sikte på at det skal leggjast fram ei eigarskapsmelding til handsaming i kommunestyret ein gong i kvar kommunestyreperiode – som regel i byrjinga av perioden. Jølster kommunestyre kan i tillegg be om eigarskapsmeldingar når kommunestyret meiner at det er naudsynt.
6. Formannskapet og / eller kommunestyret kan når som helst ta initiativ til at den kommunale eigarskapsstrategien vert teken opp til handsaming med sikte på å gjere endringar i den vedtekne strategien.

5 Eigarskapspolitikk

5.1 Vurderingar og val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operere i ein marknad, bør det etablerast eit selskap med avgrensa ansvar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og føretak vere hensiktsmessige former. **Stiftingar er ikkje tilrådd for verksemdar som krev eigarstyring.**

Det vert tilrådd at selskap ved utskiljing av verksemd til sjølvstendig rettssubjekt søker medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon for ivaretaking av tilsette. For selskap med kommunale eigarar er det ofte naturleg å knytte seg til t.d. KS Bedrift, men det vil vere selskapet sjølv som tek avgjerd om tilknytingsform.

5.2 Føremål med kommunen sin eigarskap

Ein eller fleire av dei fem kategoriane nedanfor bør leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Effektivisering av tenesteproduksjon (t.d. renovasjon)
- Samfunnsøkonomisk motivert (t.d. sikre god infrastruktur)
- Regionalpolitisk posisjonering
- Finansielt motivert (sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid)
- Politisk motivert (t.d. behalde og vidareutvikle arbeidsplassar, fødselshjelpar ved etablering

som ikkje vil kome opp å gå utan kommunal støtte)

Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet er blitt endra. Jølster kommune skal i framtida vere tilbakehalden med å gå inn som eigar i selskap / stiftingar.

Kommunalt eigarskap og rolla som medstiftar skal vurderast opp mot følgjande kriterium:

- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
- Kommunen kan organisere deler av den kommunale / interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.
- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.

5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale / vedtekter

Selskapet si verksemd skal tydeleggjerast i vedtektene / selskapsavtala. Innanfor ramma av Vedtektene / selskapsavtala bør selskapet ha klare mål og strategiar for si verksemd.

Eigarane skal ha eit medvite forhold til ei eventuell forventta avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad, skal prinsippa for ein eventuell utbyttepolitikk klargjerast og deretter fremjast for eigarorganet gjennom selskapsavtala / vedtektene. Langsiktig tenking og samfunnsansvar bør leggjast til grunn for den kommunale eigarskapen. Føremålet i selskapsavtale / vedtekter bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

5.4 Utbytte

I selskap med næringsdrift bør kommunen, som hovudregel, stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i. For tida er det berre Sunnfjord Energi AS som gjev utbytte til kommunen.

5.5 Samfunnsansvar og etikk

Kommunale selskap forvaltar fellesskapen sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med innbyggjarane sine haldningar til rett og gale og handlar om demokratisk legitimitet. Omdømmet til kommunen vil avhenge av korleis ein forvaltar samfunnsansvaret sitt selskapa er medeigar / deltakar i.

Det finst ikkje eitt klart svar på kva samfunnsansvarleg forretningsdrift er. Dette må definerast av kvart einskilt selskap. Etikk er ein viktig del av dei vurderingar som skal gjerast for å drive eit selskap samfunnsansvarleg, fordi dei etiske haldningane legg grunnlaget for korleis ein faktisk handlar. Etiske retningslinjer bør derfor utarbeidast i kvart selskap. Ein diskusjon om etiske retningslinjer vil ha utgangspunkt i selskapet sin økonomi, miljø, dei sosiale forholda knytta til verksemda og også det verdigrunnlaget som eigarkommunane byggjer på. Retningslinjene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.

5.6 Valkomité for styreutnemning i selskap

Ved val av styre til selskap organisert etter Aksjelova og Lov om interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valkomité, der føremålet er å sikre at samansetjinga av styret vert slik at kompetansen til styremedlemmene utfyller kvarandre, at lov- eller vedtektsfesta krav til t.d. kjønnskvotering vert oppfylte, og at samansetjinga er i tråd med eigaren / eigarane sitt føremål med selskapet. Leiar av representantskapen / generalforsamlinga vel leiar av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen samansetjast for å spegle eigardelar. Fleirtalet av valkomiteen bør være uavhengige av styret og tilsette. Framlegget frå valkomiteen bør grunngjevast. Valperioden kan vedtektsfestast, men likevel vere fleksibel i høve til eigaren / eigarane sine behov for kompetanse eller der det av andre grunnar er naturleg / ønskjeleg å skifte styremedlem.

5.7 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Det er heimla i Aksjelova og Lov om interkommunale selskap. Det tyder at styret har det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapen i eit

IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i forvaltninga av selskapet. Dei har rolla som såkalla operative eigarorgan. Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet.

Styret skal derfor syte for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga. Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje roller og unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap, sidan det her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Rolla som styremedlem skil seg frå rolla som folkevald, mellom anna av di styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Ein styremedlem representerer seg sjølv og ikkje eigarane. Han / ho skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlemmen sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemmen er. Ein aktiv eigarskap tyder òg at ein styremedlem kan skiftast ut dersom eigaren meiner han / ho ikkje fremjer eigarane sine interesser på ein god måte.

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (representantskap / generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet er det tilrådd å unngå situasjonar der styremedlemmene jamnleg må vurdere arbeidet sitt i høve til reglane om habilitet i Forvaltningslova. Derfor er det viktig at eigarane vurderer nøye om og i kor stor grad dei vil bruke leiande politikarar i selskapsstyra. Det er tilrådd at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar.

5.8 Gjennomføring av eigarmøte

Dei formelle eigarmøta er anten generalforsamling eller representantskap, men det kan òg kallast inn til eigarmøte i tillegg til desse.

Styret bør leggje til rette for at flest mogleg av medlemmen i eigarorganet kan delta i generalforsamlinga / representantskapen, og at dette vert ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret. Dette kan gjerast ved å følgje reglane i Aksjelova om innkalling, at saksdokumenta er utførlege nok til å ta stilling til sakene, at eigarane som ikkje kan møte skal kunne røyste ved bruk av fullmakt (gjeld ikkje interkommunale selskap), at styret, revisjon og valkomité er til stades, og rutinar for at eigarorganet vel møteleiing.

6 Utøving av kommunalt eigarskap

6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre

For aksjeselskap og interkommunale selskap vert det tilrådd at kommunestyret som hovudregel oppnemner politisk leiing som eigarrepresentantar i eigarorganet. Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret sitt samla syn (fleirtalsvedtak). Det er viktig at det vert oppretta ein føreseieleg og klår kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyre i forkant av

generalforsamling / representantskapsmøte.

Det er eigaren / eigarane sitt ansvar å syte for at styret vert samansett og gjeve dei nødvendige styringsrammer for å utføre oppgåvene sine som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium er sett saman av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansmessig.

Der ikkje andre er valde av kommunestyret, representerer ordføraren eller den han / ho gir fullmakt Jølster kommune i generalforsamlingar og representantskap. Det er utsendingane til generalforsamling/representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med fleirtalet i kommunestyret. Det bør derfor etablerast ei ordning der utsendingane drøftar aktuelle saker / eigarpolitikken med kommunestyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden.

Hastesaker kan drøftast med formannskapet. Denne ordninga bør som hovudregel berre gjelde dei store selskapa Jølster kommune er eigar i:

- Sunnfjord Energi
- Firda Billag
- Sunnfjord Miljøverk

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga / representantskapen. Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei melding til kommunestyret.

Der det vert oppnemnt vara til styret, bør det vurderast om ordninga med varamedlemmer i nummerrekkefølge skal nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Lovverket gir høve til å velje enten personlege varamedlemmer eller varamedlemmer i nummerrekkefølge (numeriske vara). Fordelen med numeriske vara er at det kan sikre kontinuitet og kompetanse. For selskap med fleire eigarar må dette likevel vurderast opp mot det behovet kvar einskild av eigarane har for innsyn kontakt med arbeidet i selskapet. For ein kommune som eigar kan behovet for innsyn og kontakt vere sterkare enn ønsket om å sikre selskapet kontinuitet i bruken av varamedlemmer i styret. Det er naturleg at modellen for val av varamedlemmer vert avklara mellom eigarane for kvart selskap. Dersom det er valt varamedlemmer i nummerrekkefølge vert det tilrådd at 1. varamedlem vert invitert til styremøta som observatør, for på den måten å sikre best mogleg kompetanse og kontinuitet.

6.2 Opplæring av og informasjon til folkevalde

Jølster kommune bør som en del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og / eller eigarskapsseminar for alle folkevalde, med ein gjennomgang av dei ulike sidene i ved eigarstyring av kommunale / interkommunale selskap. Den første opplæringa bør gjennomførast i løpet av de første 6 månadane av valperioden og seinare med oppfølging etter 2 år. Det vert tilrådd at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får framlagt eit oversyn over status for selskapa.

6.3 Registrering av styreverv

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap skal registrere verva på www.styrevervregister.no. Det er kvar einskild person som er oppnemnt, som har ansvar for at denne registreringa vert gjort, men kommuneadministrasjonen kan om ønskjeleg yte praktisk hjelp i samband med registreringa.

6.4 Habiliteringsvurdering av styrerepresentantar

I juni 2009 skjerpa Stortinget inn reglene for habilitet. Endringane i Forvaltningslova § 6 vil medføre at ingen kommunalt tilsett eller folkevald skal handsame saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølve er styremedlem. I motsetnad til tidlegare gjeld dette også der selskapa er fullt ut offentlig eigde. Denne endringa i regelverket gjeld frå 1. november 2011.

6.5 Tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns- og eit kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket vert etterlevt og at etiske omsyn vert ivaretekne. Kontrollen vert utført mellom anna gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet er delegert denne funksjonen frå kommunestyret og har derfor ei spesielt viktig rolle i eigarstyringa.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana tek vare på kommunen sine eigarinteresser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med selskapslovgjevinga.

Kommunen skal derfor utøve ein aktiv eigarskap gjennom å formulere klare krav og forventningar til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa.

7 Selskap som Jølster kommune er medeigar / deltakar i

Som det går fram i eige oversyn i note knytta til årsrekneskapan, har Jølster kommune ved utgangen av 2011 aksjar og eigardelar i følgjande selskap i alfabetisk:

• Firda produkt AS	kr. 11.000	xx %
• Årsetbakkane burettslag	kr. 600	
• Firda Billag AS	kr. 517.000	
• Kommunekraft AS	kr. 1.000	
• Eninvest AS	kr. 50.000	
• Jølster skisenter AS	kr. 1.961.400	
• Studenthyblar	kr. 36.000	
• Stardalen bygdetun AS	kr. 77.271	
• Sunnfjord Energi AS	kr. 15.086.940	
• Vikja burettslag	kr. 100	
• Sunnfjord Miljøverk IKS	kr. 10.700	
• Sunnfjord Næringsutvikling (SNU) AS	kr. 58.000	
• Sunnlab AS	<u>kr. 168.500</u>	
Samla bokført verdi	<u>kr. 17.978.511</u>	
• KLP (eigenkapital innskott)	<u>kr. 3.819.922</u>	

Jølster kommune er òg deltakar i desse interkommunale selskapa (IKS):

- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane
- KRYSS Revisjonen
- SEKOM sekretariat (for kontrollutvala)

- SYS IKL (legevaktsamarbeidet)
- Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS, regionråd).
- SYS IKT (ikt-samarbeid)

For dei siste selskapa har ikkje deltakarkommunane innbetalt nokon «innskotskapital». Eigar- / deltakarkommunane betaler inn ein årleg sum, utrekna etter fordelingsreglar vedtekne av kommunane.

I tillegg er Jølster kommune med som «eigar» / stiftar i Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Musea i Sogn og Fjordane.

Jølster kommune er òg medlem i LVK (Landsamanslutninga for vasskraftkommunar), LNK (Landssamanslutninga av nynorskkommunar) og Vestnorges Brusselkontor.

8 Omtale av selskapa

Meldinga omhandlar dei fleste selskapa som framgår av oversynet i punkt 7 i denne meldinga, medrekna ein kort omtale om kommunen som selskapsmedlem i Kommunal landspensjonskasse.

Jølster kommune har ikkje gitt kommunalt lån eller garanti til nokon av selskapa, og dette spørsmålet er derfor ikkje kommentert under omtalen for dei einskilde selskapa.

Desse selskapa vert ikkje omtala i meldinga, mest fordi eigardelane er så små at det ikkje synest naudsynt å gå nærare inn på dei:

- Årsetbakkane burettslag
- Kommunekraft AS
- Studenthyblar
- Stardalen bygdetun AS
- Vikja burettslag

Det er i omtalen av kvart selskap gitt ei tilråding om framleis eigarskap og / eller kva kommunestyret no eller i framtida bør vurdere for å ta avgjerd om framleis vidareføring eller avvikling av eigarskapen.

Etter aksjelova kap III kan aksjar overdragast dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtekter eller aksjonæravtale. Overdraging krev samtykke frå styret med mindre vedtektene seier at samtykke ikkje vert kravd. Styret kan berre nekte å gi samtykke dersom det ligg føre sakleg grunn. Det kan i vedtektene vere fastsett nærare vilkår for å nekte samtykke.

8.1 Firda Produkt AS

Verksemda sitt føremål: "Føremålet med selskapet er gjennom fabrikkasjon og anna verksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkeshemma".

Kjerneverksemd: Drive attføringsarbeid (avklaring, opplæring og arbeidstrening) med føremål om ordinært arbeid som utgjer 70 % av tiltaksplassane. Varig sysselsetjing for personar med uførepensjon som utgjer 30 % av tiltaksplassane.

Organisering: Attføringsarbeid skjer eksternt ved at deltakar arbeider i ordinære bedrifter med

oppfølging frå Firda Produkt og internt i egne produksjonslokale. Eigen produksjon omfattar skyteskive- og skiltgraving, pallegproduksjon, kantine og anna førefallande arbeid. Selskapet er organisert i 2 avdelingar (Ekstern avdeling og Intern avdeling).

Lokalisering: Førde.

Syssetjing: 13 ordinært tilsette og 77 tiltaksplassar (2010). 9 ordinært tilsette og 68 tiltaksplassar (2011)

Selskapet betaler ikkje utbytte til eigarane.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

- Større satsing på eksternt arbeid, dvs. å bruke næringslivet som arbeidstreningsarena med oppfølging får selskapet (det regjeringa kallar integrerte tiltak).
- Jobbe med å auke inntektene på produksjon slik at NAV-andelen av dei totale inntektene vert mindre.

Mål for kommunal eigarskap i selskapet

For Jølster kommune er det rett å støtte opp om selskapet si verksemd.

Samfunnsmessige omsyn og endringar i rammevilkår gjer at det er viktig for Jølster kommune

å vere aktiv inn i selskapet.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført.

8.2 Firda Billag AS

Firda Billag AS er eit transportselskap eigd av 13 kommunar i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. I tillegg til ordinær rutetrafikk / person og gods, er selskapet engasjert med turbilkøyring, langtransport, kontraktøyring og spesialtransport. Firda Billag eig og driv Travelnet Fjordane Reisebyrå og Fjordane Bilutleige, og er gjennom reisebyåret ansvarleg for ekspedisjonstenester m.m. på Førde Lufthamn Bringeland.

Firda Billag vart etablert i 1920 og har heile tida hatt kvalitet, sikkerheit og personleg service i fokus. Selskapet skal vere eit fritt og uavhengig selskap med føremål å drive transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport. Selskapet kan i tillegg eige og drive eigedom. Selskapet kan eige eller delta i andre selskap med liknande føremål.

Firda Billag har hovudkontor i Førde.

Tal tilsette 348 og tal vogner 358 pr. 31.12.2010.

Selskapet har ikkje betalt utbytte til eigarane.

Selskapet vart i 2010 omdanna frå eit IKS til eit AS. Eigarane er dei same.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra: Selskapet har ein strategi som skal sikre fortsatt økonomisk vekst. Selskapet ser store utfordringar både innan gods- og bussmarknaden dei komande åra. Det vil krevje endringar i drift og organisasjon.

Selskapet vil ha stor fokus på strukturelle grep, kundeservice, effektiv drift og organisasjonsutvikling. Firda Billag AS har ein sterk posisjon i sine ulike marknader som kan vidareutviklast på ein lønsam måte. Selskapet førebur seg til konkurranseutsetjing av persontransporten i fylket frå 2014.

Mål for kommunal eigarskap i selskapet:

Selskapet har ei viktig infrastrukturrolle i fylket. Den bedriftsøkonomiske lønnsmda er svak og gir ikkje avkasting til eigarane. Den strategiske verdien for kommunane i å engasjere seg aktivt i denne typen næringsverksemd ser ikkje lenger ut til å vere så stor som tidlegare. Rutegåande person- og godstransport er anten basert på at samfunnet kjøper tenester der transporten må gjennomførast (først og fremst skuleskyss) eller på at det er ein marknad for tenester som vert gjennomførde utan offentlege midlar (t.d. ekspressrutene). Som medeigar har kommunen liten innverknad på ruteopplegg, tenesteproduksjon og arbeidsplassar. Slik situasjonen på dette området er i dag, vil truleg hovudmålet for kommunal eigarskap vere å sikre at det er eit sterkt transportselskap for landbasert gods- og persontransport med hovudkontor i fylket.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført, men det er naturleg at Jølster kommune i samråd med andre eigarar vurderer om det er tenleg å halde på eigarskapen i framtida. Dersom selskapet får sterk nok økonomi til å betale utbytte til eigarane, vil framtidig eigarskap vere meir interessant. Dersom det ikkje går mot framtidig utbytte til eigarane er det naturleg at spørsmålet om kommunal eigarskap vert vurdert.

8.3 Enivest AS

Verksemda sitt føremål: På forretningsmessig basis, å opprette og tilby framtidsetta kommunikasjonstenester og tenester knytt til denne typen nett, her medrekna deltaking i og kjøp / sal av andre verksemdar med liknande føremål. Verksemda kan også engasjere seg i andre forretningsområde og verksemdar når dette er eigna til å styrkje hovudforretningsområdet, eller føre til meir rasjonell utnytting av verksemda sine ressursar.

Enivest er organisert som eit aksjeselskap, der aktiviteten er delt inn i fire hovudområde: Teknisk, Sal og Marknad, Kundeservice og Leveranse, Fiber til Heimen, (FTH).

Lokalisering: Hovudkontor i Førde og avdelingskontor på Sandane

Sysselsetjing: Pr. 31.12.2010: 27 stk tilsette og 2 stk innleigde

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra:

Enivest sitt hovudfokus dei næraste åra er å halde fram med utbygging av Fiber Til Heimen, FHT i Sogn og Fjordane.

Mål for kommunal eigarskap i selskapet

Jølster kommune er avhengig av gode kommunikasjonsliner i regionen. Gjennom deltaking i selskapet hentar kommunen ut kompetanse og kan gi innspel til viktige satsingsområde framover.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført.

8.4 Jølster skisenter AS

Jølster skisenter er eit nær- og regionanlegg for skisport. Selskapet har 4 tilsette i 2 årsverk. Det vert utført dugnad for til saman 5 – 6 årsverk.

Det er fleire målsetjingar med utviklinga av selskapet:

- Idretts- og aktivitetstilbod til innbyggjarane i Jølster(næranlegg).
- Idretts- og aktivitetstilbod til innbyggjarar i nærliggande kommunar (regionanlegg).
- Del av tilbodet for å utvikle Vassendenområdet til ein destinasjon for tilreisande både vinter og sommar.

Hovudaksjonærar i selskapet er Jølster idrettslag og Jølster kommune. Kommunen sin eigardel i selskapet er like mykje eit tilskot for å sikre utbygging og drift, som det er ein aksjepost. Det er ikkje ein føresetnad at kommunen har ein stor eigarpost dersom det er andre gode løysingar. Ein kan ikkje rekne med at Jølster kommune som eigar kan gå inn med ytterlegare midlar i selskapet.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført.

8.5 Sunnfjord Energi AS

Verksemda sitt føremål i følge vedtektene:

Sunnfjord Energi AS har som føremål å syte for produksjon, overføring og omsetnad av energi, og stå for utbygging av naudsynte anlegg i samband med dette. Selskapet skal arbeide for ei sikker og økonomisk rasjonell energiforsyning i eigarkommunane. Verksemda kan òg drivast i samarbeid med eller deltaking i andre føretak med same eller liknande føremål.

Kjerneverksemd: Nettdrift og produksjon av vasskraft

Organisering: Vertikalintegreert energikonsern med dotterselskapa Kjøsnesfjorden Kraftverk AS (73 %) og Fossheim Energiverk AS (60 %). Tilknytt selskap Eninvest AS (49,2 %).

Lokalisering: Hovudkontor i Førde, basar på Skei, Sande, Dale, Hyllestad, Høyanger og Hardbakke.

Sysselsetjing: 123 tilsette pr. 31.12.10

Selskapet har dei siste åra betalt utbytte til eigarane. Jølster kommune fekk i 2011 utbetalt kr. 1.961.298 som sin del av utbyttet for 2010.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Jobbar med fleire vasskraftprosjekt i Jølster, Førde, Høyanger og Hyllestad og tek del i vindkraftselskapa Vestavind Kraft AS, Vestavind Offshore AS og Sula Kraft AS. Det er levert melding til NVE om ny kraftstasjon i Jølstra for å utnytte ein større del av fallet i elva. Dei andre prosjekta gjeld modernisering av eldre kraftverk. Har også planar om fjernvarmeanlegg i Førde basert på termisk energi frå fjordvarme dersom noverande konsesjon (gitt til annan søkjar) på flisfyrt biovarme-anlegg ikkje blir realisert.

Jobbar med opprusting av nettet for å betre leveringstryggleik og for å ta imot meir produksjon frå småkraft. Eig og bidreg i tilknytt selskap Eninvest AS som tilbyr breiband løysingar i heile Sogn og Fjordane som utfordrar til dominerande Telenor. Sjølv om berre ein del av planane vert realisert, er kapitalbehov i samband med planlagde investeringar stort dei komande åra. Lånegjelda for konsernet har passert 1 milliard, og skuldast satsinga i

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS. Framtidige investeringar må i stor grad finansierast med egne midlar.

Mål for kommunal eigarskap i selskapet

Eit viktig mål for kommunen er å bidra til å utvikle Sunnfjord Energi som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør i energibransjen. Basert på dette skal selskapet gi kommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte. For Jølster kommune er det viktig at utbyttet bør nivåjusterat p.g.a. stillstand i fleire år.

Tilråding: Aksjepost med betydeleg avkastingspotensiale. Eigarskapen vert vidareført.

8.6 Sunnfjord Miljøverk IKS

Føremålet med selskapet er:

Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning. Selskapet skal byggje og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidareending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg.

Selskapet skal gi pålegg / råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gi auka kunnskap og forståing for miljøvennlege behandlingsmetodar.

Det er 7 heiltids tilsette i SUM, herav ei kvinne.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra
Investeringsplanen vedteken av representantskapen i oktober 2010 viser samla investeringar på 25,1 mill. kroner i perioden 2010 – 2015.

Kontrakter, pågåande og tilbudsforespørslar:

- Energigjenvinning restavfall
- Innkjøp frå SUMs gjenvinningsstasjonar
- Henting spesialavfall – farleg avfall på gjenvinningsstasjonane og verksemdar samt årleg henterunde
- Tømming av glas og metall frå returpunkt
- Sortering papir
- Tømming av avfallbeholdarar, vanleg renovasjon
- Tømming av slamavskiljarar og tette tankar

Mål for kommunal eigarskap i selskapet

Sunnfjord Miljøverk IKS utfører kommunale tenester på vegner av Jølster kommune. Eit interkommunalt selskap er ei god løysing for å gi økonomisk og kvalitativt gode tenester til innbyggjarane. Det er ikkje ei aktuell løysing for kommunane å utføre renovasjonsarbeidet i eigen regi. Det er ikkje sett som tenleg for Jølster kommune å søkje samarbeid med andre interkommunale selskap.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført.

8.7 Sunnfjord Næringsutvikling AS

Verksemda

Sunnfjord Næringsutvikling AS skal fungere som næringssselskap / utviklingssselskap i området som omfattar kommunane Naustdal, Gaular, Jølster og Førde. Selskapet hadde ved utgangen av rekneskåpsåret 7 tilsette med ei fordeling på 4 kvinner og 3 menn.

Mål for kommunal eigarskap i selskapet

Sunnfjord Næringsutvikling utfører nærings- og utviklingsarbeid på vegner av Jølster kommune. Kommunen har ikkje egne ressursar til dette.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført, men det er naturleg for Jølster kommune å vurdere til ei kvar tid om det samla resultatet står i høve til dei forventningane kommunane har hatt til selskapet som aktiv utviklingsaktør.

8.8 SunnLab AS

Verksemd

SunnLab as er eigd av 10 kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund.

Vedtektene til SunnLab as seier at hovudoppgåva er å levere laboratorietenester til offentlege og private kundar med hovudvekt på kontroll av vatn og næringsmiddel samt konsulentverksemd og anna verksemd med tilknytning til dette.

Selskapet held til i leigde lokale i Nortura Førde sitt anlegg på Reset i Førde.

SunnLab as har hatt private vassverk, kommunane og Mattilsynet som sine store faste kundar. I tillegg har mange privatpersonar samt små og mellomstore verksemdar nytta tenestene. Selskapet har hatt ein auke i inntekt frå laboratorietenester levert til aktivitet knytt til offshoreverksemd og Mattilsynet.

Det vert ikkje utbetalt utbytte til eigarkommunane.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra:

Det er venta ein auke i oppdragsmengda.

Fokus på mattryggleik vil gi eit potensiale for å auke inntektene gjennom auka kontroll både frå det offentlege og frå småprodusentar av mat. Det vert også stilt krav om dokumentasjon av avfall som skal leverast til deponi, og dette er noko SunnLab kan utføre.

Mål for kommunal eigarskap i selskapet

Selskapet bidrar med nødvendige oppgåver og kompetanse for kommunane.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført.

8.9 Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

Om selskapet

Kommunal Landspensjonskasse er eit gjensidig selskap, og har ikkje eigarar i tradisjonell forstand, men selskapsmedlemmer. Selskapsmedlemmene er alle kundar som har offentlig tenestepensjon i selskapet. KLP sine kundar og selskapsmedlemmer er kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og sjølvstendige verksemdar som er knytt til offentlig sektor. Selskapet sitt føremål er å ivareta dei behova medlemmene har for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan og anten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive all slag verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd og anna verksemd som er tillete for livforsikringsselskap, her og

administrasjon og forvaltning av pensjonskasser. KLP har oppretta eigen bank, som også kan ha andre enn tilsette og pensjonistar hos medlemmene som kundar.

Kommunalt medlemskap

Jølster kommune har vedteke å ha tenestepensjon for alle tilsette i KLP. Som medlem i KLP pliktar kommunen å betale eigenkapitalinnskott i den grad det er naudsynt for å gi KLP tilfredsstillande soliditet. I kommunen sitt rekneskap for 2011 står eigenkapitalinnskott i KLP oppført med ein verdi på 3,8 mill kr. Dersom Jølster kommune etter anbudsrunde vedtek å overføre tenestepensjonsordninga til anna selskap, vil kommunen likevel vere medlem i KLP av di det er lovfesta at tenestepensjonen for kommunale sjukepleiarar skal vere i KLP. Ved ei eventuell utmelding av KLP er det kommunen sin del av selskapet sitt oppsamla eigenkapitalinnskott (knytta til andre tilsette og pensjonistar enn sjukepleiarar) som vert utbetalt.

Tilråding: Medlemskapen vert vidareført. Det vil vere tenleg for kommunen å gjennomføre ein anbudsrunde med fleire selskap med nokre års mellomrom. Dersom det vert vedteke at kommunen skal «sjekke marknaden» ved slik anbodsinnhenting, må kommunen syte for å følgje dei spelereglane som KS og arbeidstakarorganisasjonane har tilrådd.

8.10 Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Verksemda sitt føremål : Mottak og formidling av naudmeldingar (brann – redning og akutt forureining). Mottak og formidling av tryggleiksalarmar for medlemskommunane. Sysselsetjing : 11,5 årsverk.

Det vert ikkje betalt utbytte til eigarane.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

- Styrkje synergien av samlokaliseringa.
- Styrkje samarbeidet med dei andre naudetatane.
- Yte god service til eigarar og brukarar.
- Styrkje samarbeidet med kommunane v/brannsjef ved å tilby hospitering.
- Eventuelt gjennomføre brukarmøte også ute i regionane.

Mål for kommunal eigarskap i selskapet

Alarmsentralen IKS utfører naudsynte tenester til kommunane innan brann / redning og tryggleiksalarmar.

Tilråding: Eigarskapen vert vidareført

9 Interkommunale samarbeidstiltak

9.1 KRYSS Revisjonen

Dette er eit interkommunalt samarbeid oppretta av kommunane for å ivareta kommunane sine plikter til å utføre revisjonsarbeid i samsvar med lovfesta krav. Etter endringar i lovverket har kommunane høve til å konkurranseutsetje revisjonsarbeidet, men mange kommunar har valt å organisere sin eigen kommunerevisjon i form av eit eige selskap.

Selskapet har eige styre, med representantar frå alle eigarkommunane. Styret tilset naudsynt fagpersonale. Driftskostnadene vert dekte av samarbeidskommunane, etter nærare avtalt

fordelingsnøkkel og vert endeleg fastsett i samband med budsjetthandsaminga i kvar kommune.

Tilråding: Ordninga vert vidareført. I samråd med dei andre eigarkommunane er det likevel tenleg at Jølster kommune med jamne mellomrom vurderer om ordninga fungerer etter føresetnadene, eller om det er aktuelt å konkurransenutsetje revisjonsarbeidet.

9.2 SEKOM sekretariat

Dette er eit interkommunalt samarbeid oppretta av dei same kommunane som står bak KRYSS revisjonen, for å ivareta kommunane sine plikter til å ha ei sekretærordning for dei kommunale kontrollutvala i samsvar med lovfesta krav. Etter endringar i lovverket har ikkje kommunane høve til å bruke same selskap til å utføre sekretær oppgåvene for kontrollutvalet som for å utføre revisjonsarbeidet. Nokre kommunar har valt å organisere si eiga sekretærordning i form av eit eige selskap. Selskapet har eige styre, med representantar frå alle eigarkommunane. Styret tilset naudsynt fagpersonale. Driftskostnadene vert dekte av samarbeidskommunane, etter nærare avtalt fordelingsnøkkel og vert endeleg fastsett i samband med budsjetthandsaminga i kvar kommune.

Tilråding: Ordninga vert vidareført. I samråd med dei andre eigarkommunane er det likevel tenleg at Jølster kommune med jamne mellomrom vurderer om ordninga fungerer etter føresetnadene, eller om det er aktuelt å finne ei anna tenleg sekretærordning for kontrollutvala.

9.3 SYS IKT

SYS IKT er felles fagorgan for data-løysingar i samarbeidskommunane, og har mellom anna ansvar for drift av felles datasentral og alle dataløysingar for alle samarbeidskommunane. Drifts- og investeringskostnadene vert dekte av samarbeidskommunane, etter nærare avtalt fordelingsnøkkel og vert endeleg fastsett i samband med budsjetthandsaminga i kvar kommune.

Tilråding: Ordninga vert vidareført.

9.4 SYS IKL

SYS IKL (Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale Legevaktsamarbeid) har eigne lokale i tilknytning til akuttmottaket ved Førde Sentralsjukehus. Jølster kommune var ein av pådrivarane for arbeidet med å etablere felles legevaktordning i regionen. Driftskostnadene vert dekte av samarbeidskommunane, etter nærare avtalt fordelingsnøkkel og vert endeleg fastsett i samband med budsjetthandsaminga i kvar kommune.

Tilråding: Ordninga vert vidareført.

9.5 SIS

SIS (Samarbeidsforum i Sunnfjord) har funksjonen som regionråd for kommunane i Indre Sunnfjord (Førde, Gaular, Jølster og Sunnfjord) og Flora. Ordførarane og rådmennene i samarbeidskommunane utgjør den formelle delen av SIS, og leiarvervet går på omgang mellom ordførarane, med to års funksjonstid. SIS har ikkje eigen administrasjon, men leiger f. t. sekretærhjelp frå Førde kommune. Driftskostnadene vert dekt innanfor samla løyving frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til regional utvikling.

Tilråding: Ordninga vert vidareført.

10 Omtale av stiftingar

Jølster kommune er medstiftar i desse stiftingane:

- Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Det spesielle ved ei stifting, i motsetnad til eit aksjeselskap, er at stiftinga er sjølvveigande (dvs. eigarlaus).

Kommunen sitt ansvar for stiftingane er å velje / evt. nominere styremedlemmer eller medlemmer til evt. representantskap, og gi fråsegn til framlegg frå styret om omdanning. Kommunen har ikkje mynde til å instruere styremedlemmene. Kommunen har ikkje plikt til å yte driftstilskot eller anna tilskot til stiftingane, dersom dette ikkje er særskilt avtalt. Her er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølve. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftingar har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøver mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si evt. deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Kommunen har rett til å gjere framlegg om kandidat til styret i stiftingane, eller – dersom kommunen i skipingsdokumenta er sikra fast plass i styret – oppnemne styremedlem.

10.1 Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Opprettarar (stiftarar):

Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 40.000
Førde kommune	kr 20.000
Jølster kommune	kr 20.000
Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane	kr 5.000
Norske Kunsthandverkarar Vest-Norge	kr 5.000
Hornindal kommune	kr 10.000
Lærdal kommune	kr 10.000

Type stifting: Alminneleg stifting

Føremål:

Å skape interesse for og å auke kunnskapen om biletkunst og kunsthandverk i fylket gjennom å drive kunstmuseal verksemd, som er innsamling, bevaring, forskning og formidling.

Stiftarane har ikkje instruksjonsmynde over stiftinga, og dei har berre høve til å uttale seg om aktuelle saker – utan at stiftinga treng å ta omsyn til det «eigarane» (stiftarane) meiner.

Jølster kommune har sidan skipinga (f.o.m. 2005) hatt avtale med Stifting Sogn og Fjordane Kunstmuseum om drift av Astruptunet og Eikaasgalleriet, med høve til å avsluttedette samarbeidet etter 5 år. I samband med evalueringa etter denne 5-årsperioden vart det utarbeidd ein rapport av Østlandsforskning. Sjølv om rapporten viste fleire svake sider ved samarbeidet og peikte på fordelar ved at kommune tok tilbake ansvaret for drifta av Astruptunet og Eikaasgalleriet, fann ikkje Jølster kommune at det var økonomisk mogleg å ta tilbake driftsansvaret sjølv. Samarbeidsavtala vart derfor vidareført, med høve til reforhandling / oppseiing. Jølster kommune kan når som helst ta opp att spørsmålet om å overta driftsansvaret sjølv, og må i så fall følgje oppseiingstid osv slik det framgår av gjeldande samarbeidsavtale. Sjølv om kommunen eventuelt trekkjer seg frå

driftssamarbeidet, vil Jølster kommune likevel vere medlem i Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Det er naturleg at Jølster kommune med jamne mellomrom evaluerer samarbeidet om og det framtidige driftsansvaret for Astruptunet og Eikaasgalleriet, mellom anna med sikte på å betre kommunikasjonen og det praktiske samarbeidet mellom partane.

10.2 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Opprettar (stiftarar):

Fylkeskommunen

Sunnfjord Museum

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sogn Folkemuseum.

Type stifting: Alminneleg stifting


Hovudkontor: Sandane

Føremål:

Å drive museum og å forvalte all drift ved museumsavdelinga, som ledd i gjennomføringa av den statlege museumsreforma (konsolidering).

Kommunane sitt ansvar

Dei kommunane (og fylkeskommunen) som er «medeigarar» (stiftarar) i Sogn og Fjordane Kunstmuseum, er gjennom Sogn og Fjordane Kunstmuseum indirekte stiftarar i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Kommunane (og fylkeskommunen) har ikkje instruksjonsmynde i høve til styret for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og dermed heller ikkje i høve til dei einskilde museumsavdelingane. Styret tilset og har arbeidsgjeveransvar for tilsette ved musea som er knytta til stiftinga. Styret og administrasjonen avgjer korleis og i kor stor grad dei ønskjer å ha kommunikasjon og dialog med stiftarane (som i hovudsak er vertskommunar for einingar innan den samla museumsverksemda i fylket.



JØLSTER KOMMUNE
Leiargruppa

2012
Kommuneadministrasjon
Kontor
Date: 8/3-12 Off:
Sal. nr. 041/2012 Regnr:
Arkiv: 216
Avd. koda:
Saksbehandlar

Kryssrevisjon
Postboks 487
6801 FØRDE

06.03.2012

Vår ref
RAS 12/55 - 2

Dykkar ref

Arkiv
212

Løpnummer
12/1499

Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.

Viser til brev frå Kryss revisjon datert 6. januar om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v.

Så langt rådmannen kjenner til inneheld ikkje rekneskapet til Jølster kommune for 2011 vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald.

Vi har slik arbeidsdeling for innkomande faktura:

- Tenestekontoret: Mottaksregistrering
- Aktuell tenesteeining: Attestasjon og tilvising
- Kommunekassa: Bokføring og utbetaling

Ved mottaksregistrering vert faktura kontrollert og det vert stilt spørsmål dersom det er noko usikkert eller noko verkar uvanleg. Ved attestasjon og tilvising skal rette vedkomande gå god for det faktiske innhaldet i faktura, at vare er motteken, påføre rett momskode og rett budsjettkonto. Kommunekassen bokfører på grunnlag av innkomen informasjon.

Frå mars 2012 startar vi med scanning av alle innkomne fakturarar. Dette vil både forenkle tilvisingsprosedyrene og sikre mot "dobbeltilvising" og andre feilkilder ved tilvising på papir.

Vi har fokus på å opptre etisk og ha ryddige innkjøpsprosessar. Alt vi gjer skal vere sporbart og kunne kontrollerast av tredjeperson. Alle større innkjøp skal anten skje etter offentleg anbod eller etter å ha henta inn minst tre tilbod.

Hausten 2011 vart delegeringsreglementet revidert. Som ein del av dette arbeidet var det deltaking frå alle einingane med høve til innspel om endringar. Reglementet var også tema på tenesteleiar møte. I den administrative delegeringa er det mellom anna laga retningslinjer for korleis delegert mynde skal handterast. I reglementet er både tilvisings- og innkjøpsmynde regulert.

Finansreglement er revidert og vi har som målsetjing å vurdere rutiner i økonomireglementet med tanke på risiko for misleghald. Vi har ikkje sett i verk andre spesielle tiltak for å identifisere misleghald i 2011.

Telefon:
57 72 61 00
6843 SKEI

Telefaks:
57 72 61 01
postmottak@jolster.kommune.no

Bankgiro, skatt
6345.06.14310

Bankgiro:
3703.07.00024
www.jolster.kommune.no

Organisasjonsnr:
963 923 600

Vi har satt i gang eit arbeid med eigenvurdering av kommunen (CAF). I dette arbeidet er det blant anna fokus på kvalitetshjulet (planlegge – gjennomføre – evaluere – forbetre osv). Det er også fokus på dokumentasjon i form av rutiner, reglement osv som underbygger vurderinga. Eigenvurderinga vert gjentatt om ca 1 år.

Den generelle delen av kvalitetssystemet er klar. Dei fleste einingane er også komne langt i den spesielle delen. Mellom anna er det pr i dag totalt ca 350 prosedyrer / rutiner som er ferdigstilt av einingane. Ei vidare oppfølging i 2012 går på ferdigstilling av påbyrja arbeid med verdigrunnlag og etiske retningslinjer.

Ein del av kvalitetssystemet er rutiner for korleis vi tek imot nytilsette. Her har vi laga prosedyre for gjennomføring og ei enkel brosjyre som den nytilsette får. I heftet er 1 av 4 sider tileigna kommunen sin verdiplattform.


Rådmannen har drøfta prioritering av arbeidsoppgåver med formannskap og kommunestyre. Mellom anna har vi starta med ei "10 på topp"-liste med prioriterte arbeidsoppgåver ut over vanlege driftsoppgåver. Det har ikkje kome signal om ytterlegare prioritering av arbeid med internkontroll.

Etter drøfting med formannskapet har rådmannen bestemt at kommunen si samla bankavtale vert lagt ut på anbod. I dette arbeidet samarbeider Jølster med dei andre SIS-kommunane (Samarbeidsforum I Sunnfjord).

Vi har gått gjennom dei viktigaste områda for kommunale innkjøp med tanke på tilhøve mellom den som rekvirerer og seljar. Så langt vi kan sjå er det ikkje nære slektsforhold eller andre relasjonar som krev nærare oppfølging.

Rådmannen har ikkje eigarinteresser eller slektsforhold til nokon av kommunen sine forretningsforbindelsar. Rådmannen er gift med barnevernleiar i Jølster kommune, Dagrun Thingnes. Barnevernet er organisert i NAV Jølster med eigen tenesteleiar som er barnevernleiar sin overordna. Rådmann og barnevernleiar samarbeider ikkje i økonomiske saker (t.d. som attestant og tilvisar).

Med helsing


Ragnar Simonsen
Rådmann
57726104

Jølster kommune
v/Rådmannen
6843 Skei i Jølster

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\\misleghaldtilsyn12/tf12	216	01 / 2012	6. januar 2012

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med Jølster kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen
- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast misleghetter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:

- *kva er identiteten til kommunen sine nærstående parter og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
- *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærstående parter, og*
- *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper de kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2012.

Førde, den 6. januar 2012
Med helsing

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
(sign.)

Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren

Jølster kommune
Rådmannen

6843 Skei i Jølster

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Overordna analyse 2012/1f	216	006 / 2012	7. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I JØLSTER; - OVERORDNA ANALYSE – JØLSTER KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Jølster kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Jølster kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenesteområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt/-områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- ↳ eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ↳ ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finasreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgave- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestnivå/-områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenstefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenestedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmannen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemdar/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.

Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Jølster kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og kommunestyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskjeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012
Med helsing

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren

Førde Terje

Fra: Førde Terje
Sendt: 15. november 2012 13:51
Til: Helgheim Arnar
Kopi: Sygna Kari
Emne: Overordna analyse Jølster2012
Vedlegg: Overordna analyse Jølster, oversendt rådmannen 151112.pdf

Hei.

Vedlagt oversender eg med dette eit 'midlertidig utkast' til overordna analyse for Jølster kommune. Før vi sender endeleg versjon over til Kontrollutvalet, ønskjer vi at rådmannen ser igjennom dokumentet, for kommentarar og påpeiking av direkte feil eller mistydingar.

Eg gjer merksam på at vedlegga ikkje følgjer med her; jfr. opplistinga under 'Innhald' i dokumentet. Desse vil sjølvstøtt følgje med i den endelege oversendinga til Kontrollutvalet, med kopi til rådmann og ordførar.

Vi har tidspress på oss i forhold til oversending til SEKOM, i forhold til kontrollutvalet si handsaming, så det hadde vore fint å få ei kort tilbakemelding rimeleg raskt. Håper det lar seg gjere.

Ha fortsatt EIN GOD DAG !

Mvh

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrvisjon.no



Førde Terje

Fra: Førde Terje
Sendt: 26. november 2012 11:34
Til: Helgheim Arnar
Kopi: "vidar.ovrebo@sekom.no" (vidar.ovrebo@sekom.no)
Emne: VS: Overordna analyse Jølster2012

Hei, Arnar.

Har du fått tid til å sjå på det eg sende over den 15. d.m. (sjå nedanfor).

Kan ikkje sjå at eg har fått nokon attendemelding frå rådmannen på den verifikasjon vi bad om frå rådmannen si side når det gjeld utarbeidd overordna analyse for Jølster kommune, før ferdiggjering frå vår side.

SEKOM har henvendt seg hit i høve handsaming i Kontrollutvalet, og dersom vi ikkje høyrer noko frå deg, vil vi måtte ferdigstille vårt arbeid og oversende analysedokumentet m/vedlegg til Kontrollutvalet slik det ligg føre, og slik det vart oversendt rådmannen frå oss den 15.11.12.

Høyrer gjerne frå deg.

Mvh

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrvisjon.no



Fra: Førde Terje
Sendt: 15. november 2012 13:51
Til: Helgheim Arnar
Kopi: Sygna Kari
Emne: Overordna analyse Jølster2012

Hei.

Vedlagt oversender eg med dette eit 'midlertidig utkast' til overordna analyse for Jølster kommune. Før vi sender endeleg versjon over til Kontrollutvalet, ønskjer vi at rådmannen ser igjennom dokumentet, for kommentarar og påpeiking av direkte feil eller mistydingar.

Eg gjer merksam på at vedlegga ikkje følgjer med her; jfr. opplistinga under 'Innhald' i dokumentet. Desse vil sjølvstøtt følgje med i den endelege oversendinga til Kontrollutvalet, med kopi til rådmann og ordførar.

Vi har tidspress på oss i forhold til oversending til SEKOM, i forhold til kontrollutvalet si handsaming, så det hadde vore fint å få ei kort tilbakemelding rimeleg raskt. Håper det lar seg gjere.

Ha fortsatt EIN GOD DAG !

Mvh

Førde Terje

Fra: Helgheim Arnar
Sendt: 26. november 2012 15:55
Til: Førde Terje
Emne: SV: Overordna analyse Jølster2012

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Date: 27.11.2012 Off:
Sak nr. 042-2012 Regatt
Arkiv: 216
Avvikskode: 1431
Sakshandsamer: T.F.

Hei

Eg har berre nokre korte innspel som ikkje går så veldig mykje på realitetsendringar:

Side 7: Nedst på sida er omgrepet «flat organisasjonsstruktur» brukt. Vi har brukt det ofte sjølve men dei seinaste åra har vi oftast brukt flat i hermeteikn. Dette fordi kommunalsjefane er eit nokså tydeleg mellomledd mellom rådmannen og tenesteleiarane.

Side 8: Øvst på sida er eg litt usikker på om siste delen av første setning heng saman med resten. («... og tenestekontoret som leiargruppa sitt øverste administrative organ»). Det kan tolkast som at tenestekontoret er eit overordna organ i høve andre einingar og i så fall blir det ikkje rett.

Side 8: Midt på sida: «Det er behov for å oppdatere fleire delar av sentrale stryingsdokument; bla. Delegasjonsreglement og økonomireglement». Delegeringsreglementet er vedteke etter konstitueringa av nytt kommunestyre i fjor og eg er av den meining at det ikkje er der det er størst behov for oppdatering. For økonomireglement så er finansreglementet også oppdatert etter valet. Økonomisk internkontroll er derimot frå 1997 og modent for gjennomgang. (jf det som står lenger nede på same side). Samanheng mellom ulike planar er noko vi har mykje fokus på i kommuneplanarbeidet. Her har vi forbedringspotensiale.

Side 9: 3. avsnitt står det at budsjettet er på detaljert spesifikasjonsnivå. Kommunestyret gjer no vedtak om netto råde for kvar teneste og ansvar. Ikkje på artsnivå slik ein gjorde inntil for 2-3 år sidan.

Side 9: Slutten av 3. avsnitt «..tvilsomt bidrege til...». Manglar bokstaven «u»? Alternativt bør setninga truleg formast annleis.

Med vennleg helsing

> **Arnar Helgheim**

Konstituert rådmann

Tlf. kont.: 57 72 61 42 mobiltilf: 975 81418

Jølster kommune:

Nettside: <http://www.jolster.kommune.no>

E-post: postmottak@jolster.kommune.no

-I verdas vakraste ramme skal vi få fram skaparkrafta i mennesket!

Fra: Førde Terje
Sendt: 15. november 2012 13:51
Til: Helgheim Arnar
Kopi: Sygna Kari
Emne: Overordna analyse Jølster2012

Hei.

Vedlagt oversender eg med dette eit 'midlertidig utkast' til overordna analyse for Jølster kommune.

024/12 ORIENTERING – VINTERVEDLIKEHALDET V/RÅDMANNEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 10.12.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.12.2012	24/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Kommunestyresak 068/12 Vintervedlikehald.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 002/12 Skriv og meldingar.
- Kontrollutvalssak 011/12 Orientering – vintervedlikehald v/rådmann.
- Brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune om orientering – meirforbruk på vintervedlikehaldet, datert 15.02.12.
- Brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune «Meirforbruk på vintervedlikehaldet», datert 11.05.2012.
- Brev frå Jølster kommune til kontrollutvalet «Meirforbruk på vintervedlikehaldet – orientering», datert 07.09.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET

ORIENTERING – VINTERVEDLIKEHALDET V/RÅDMANNEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om meirforbruket på vintervedlikehaldet.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 002/12 "Skriv og meldingar" 14.02.2012 låg Tertialrapport nr 2 for 2011 ved. På grunnlag av innhaldet i denne, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

AD: SM 07-12 Vedtak i kommunestyresak 048/11 «Tertialrapport nr. 2 for 2011».

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kommunestyret ønskjer reist eiga sak i høve til meirforbruket på vintervedlikehaldet beskrive i tillegg av kontrakt. Saka går gjennom kontrollutvalet.*
- *Kontrollutvalet vil difor kalle inn rådmann til neste møte i kontrollutvalet for å gi ei generell orientering om vintervedlikeholdet i Jølster kommune.*
- *Kontrollutvalet ønskjer også at det vert orientert om kontraktar, rutinar for ekstra utbetaling og eventuell utlysing av ekstramidlar.*

Kontrollutvalet sendte brev til Jølster kommune 15.02.2012 om vedtaket til kontrollutvalet og om at rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket.

Rådmann orienterte i saka på møtet i kontrollutvalet 10.05.2012 i sak 011/12 «Orientering – vintervedlikehald v/rådmann», og kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kontrollutvalet ber om ei skriftleg orientering i saka.*
- *Kontrollutvalet vil ha informasjon om tilhøva kring vintervedlikehaldet vinteren 2010/2011, samt informasjon om tiltak og evt. arbeid med å lage retningsliner for vintervedlikehaldet.*

11.05.2012 vart det sendt brev frå kontrollutvalet til Jølster kommune der vert bede om at det vert gjort greie for omstenda kring det som skjedde i høve til vintervedlikehaldet 2010/2011, og kva som er gjort for å ta hand om liknande situasjonar ved eit seinare høve.

Tilhøvet kontrollutvalet vil ha omtalt er:

- Årsak til overskriding av budsjett.
- Kva som var grunnlag for betaling til kontraktørane utover det som var kontraktfesta.
- Om det vart gjort likebehandling av kontraktørane i samband med ekstrabetaling.
- Kva tiltak er sett i verk for å vere førebudd på liknande situasjonar?
 - Bl.a. om retningsliner for å handtere vintervedliket fins, og om desse er slik at dei kan nyttast til å handtere ein tilsvarande situasjon i framtida.

07.09.2012 mottok kontrollutvalet brev frå Jølster kommune med orientering om tilhøva som kontrollutvalet har bede om. Det vert vist til brevet frå Jølster kommune.

Rådmann var kalla inn i kontrollutvalssak 018/12 «Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmann» der han gjekk gjennom den skriftlege orienteringa.

01.10.12 vart administrasjonen sin orientering sendt over frå kontrollutvalet til kommunestyret.

I kommunetyresak 068/12 «Vintervedkilehald» den 13.11.12 vart den skriftlege orienteringa frå rådmannen handsama og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Saka blir sendt tilbake til kontrollutvalet og skal resultere i eit konkret svar på det reiste framlegget i sak 48/11, meirforbruk ut over kontrakt.*
- *Frist for attendemelding til kommunestyret innan 01. april 2013.*

Sekretariatet si vurdering:

Jølster kommune

Saksutgreiing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	13.11.2012	068/12	AHE

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, FA-	Arkivsaknr 12/916
----------------------------------	-----------------------	----------------------

Vintervedlikehald

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.10.2012 13:51:36	Sak 018/12 kontrollutvalet orientering - vintervedlikehald	34138
07.09.2012	Meirforbruk på Vintervedlikehaldet - orientering	33535

Saksutgreiing:

I samband med andre tertialrapport for 2011, bad kommunestyret om ei sak i høve meirforbruk på vintervedlikehald.

Kommunestyresak 48/11 (tertialrapport nr 2 – 2011):

1. Tertialrapporten vert teken til orientering.
2. Kommunestyret ønskjer reist eiga sak i høve meirforbruket på vintervedlikeholdet beskrive i tillegg av kontrakt. Saka går gjennom kontrollutvalet

Tilråding frå kontrollutvalet den 28.9.12:

- *Kommunestyret viser til brev frå rådmann
- *Kommunestyret viser til kontrollutvalssak 018/12
- *Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen til vitande

Rådmannen har gitt eit svarbrev til kontrollutvalet som var grunnlag for handsaming den 28. september. Kontrollutvalet sitt vedtak vert lagt fram som tilråding til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- *Kommunestyret viser til brev frå rådmann
- *Kommunestyret viser til kontrollutvalssak 018/12
- *Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen til vitande

Handsaming i Kommunestyret 13.11.2012:

Jan Ove Flaten stilte spørsmål om eigen habilitet: Jan Ove Flaten vart samrøystes erklært inhabil til å delta i handsaming av saka.

Dagrunn Tingnes deltok som vara for Jan Ove Flaten.

Senterpartiet bad om gruppemøte

Framlegg frå høgre:

Saka blir sendt tilbake til kontrollutvalet og skal resultere i eitt konkret svar på det reiste framlegget i sak 48/11, meirforbruk ut over kontrakt.

Frist for attendemelding til kommunestyret innan 01. april 2013.

Det vart røysta punktvis over Høgre sitt framlegg.

Høgre sitt framlegg til punkt 1 fekk 22 stemmer.

Høgre sitt framlegg til punkt 2 fekk 18 stemmer.

Høgre sitt framlegg til vedtak vart såleis vedteke.

KST-068/12 Vedtak:

Saka blir sendt tilbake til kontrollutvalet og skal resultere i eitt konkret svar på det reiste framlegget i sak 48/11, meirforbruk ut over kontrakt.

Frist for attendemelding til kommunestyret innan 01. april 2013.

Dokumentliste:

025/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL – JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.12.2012	25/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Jølster kommune 2012 – 2016"

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
- Kommunestyresak 061/12 «Eigarskapsmelding».
- Jølster kommune – Eigarskapsmelding..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Jølster kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til bystyret:

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - JØLSTER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Jølster kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Jølster kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med bystyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

PLAN
FOR
SELSKAPSKONTROLL
2012 -2015



Jølster kommune

INNHALDSLISTE

1. Bakgrunn

2. Innholdet i selskapskontrollen

Heimel

Innsynsrett

Kva består selskapskontroll i

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Kommunale føretak

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt

Vertskommunesamarbeid

Interkommunalt selskap

Aksjeselskap(AS)

AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar

Samvirkeforetak ((SA)

Stifting

Val av organisasjonsform

3. Formålet med selskapskontroll

Eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon

Undersøkingar

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Eigarskapsstrategi for selskap Jølster kommune eig eller er medeigar i.

5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen

Gjennomføring – retningsliner

Rapportering

Oppfølging

Dokument ikkje vedlagt:

1. Kommunestyresak 061/12 «Eigarskapsmelding»

2. Jølster kommune - Eigarskapsmelding.

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre ledd skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)	Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. **Kommunale føretak.** *KL kap 11.*

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. **Interkommunalt samarbeid.** *KL § 27.*

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. **Interkommunalt samarbeid.** *KL § 27. Eige rettssubjekt*

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. **Vertskommunesamarbeid.** *KL §§ 28a, 28b og 28c.*

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. **Interkommunalt selskap (IKS).** *IKS- loven.*

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. **Aksjeselskap (AS)** – heileigd av kommunale aktørar og. *Aksjeloven.*

Er eige rettssubjekt. Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeloven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesloven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjøveigande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølv aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Kommunestyret har i sak 061/12 «Eigarskapsmelding» den 02.10.2012 – gjort følgjande vedtak:

- *Eigarskapsmelding vert vedteken slik den ligg føre.*

I del 5 av eigarskapsmeldinga «Eigarskapsstrategi» omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det er gjort greie for kva arbeidsform som blir lagt til grunn for administrativ og politisk utøving av eigarrolla, motiv og mål for offentleg eigarskap.

Eigarskapsstrategi for Jølster kommune

Det er naturleg at Jølster kommune har ein prinsipiell eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig eller er medeigar i. Med utgangspunkt i eigarskapsstrategiar vedtekne i andre kommunar som det er naturleg å samanlikne med, kan dette leggjast til grunn som ein kommunal eigarskapsstrategi for Jølster:

1. Jølster kommune skal utøve ein aktiv eigarskap gjennom å utforme klare krav og forventningar til selskapa, og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med vedtak / føringar i Jølster kommunestyre.

Utsendingane til dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, skal ivareta Jølster kommune sine interesser i selskapa. Denne utøvinga skal avspegle fleirtalet i kommunestyret. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med kommunestyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste kommunestyremøte, kan dei drøftast med formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa som Jølster kommune er eigar i, eller når det

er saker av større prinsipiell og / eller økonomisk karakter også i dei mindre selskapa.

2. Medlemmer av Jølster kommunestyre kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i kommunestyret, skal forskrifter frå Kommunal- og regionaldepartementet og forvaltningslova sine reglar om habilitet leggjast til grunn.

3. Jølster kommune skal vere tilbakehalden til å opprette eller gå inn som medeigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriterium:

- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
- Kommunen kan organisere delar av den kommunale / interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med dei strategiane kommunen legg til grunn for den kommunale verksemda.

4. I selskap med næringsdrift vil Jølster kommune som utgangspunkt stille krav om avkasting på investert kapital (utbytte).

5. Som hovudregel vert det teke sikte på at det skal leggjast fram ei eigarskapsmelding til handsaming i kommunestyret ein gong i kvar kommunestyreperiode – som regel i byrjinga av perioden. Jølster kommunestyre kan i tillegg be om eigarskapsmeldingar når kommunestyret meiner at det er naudsynt.

6. Formannskapet og / eller kommunestyret kan når som helst ta initiativ til at den kommunale eigarskapsstrategien vert teken opp til handsaming med sikte på å gjere endringar i den vedtekne strategien. Viser elles til eigarmeldinga «Eigarskapspolitikk som eigar i selskap»

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresak 061/12 vert følgt opp.

Gjennomføring - retningslinjer

1. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
2. Kontrollutvalet skal sjå til at Retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
4. Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
6. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.

7. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner om spesielle tilhøve skulle tilseie det.

Rapportering

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring som kjem fram framom.

026/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 JØLSTER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 10.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	17.12.2012	026/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Jølster.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 JØLSTER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 10.12. 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

			Ved innkalling av vara medlem skal disse i tillegg få innkalling pr. post.
			-

Oppdatert 10.12.12.

Oppfølgingsliste 4-2012 - Jølster.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Jølster kommune

Saker som er avslutta vil ikkje come med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
04/10 Tiltak kontrollutvalsarbeid	15.02.10		15.02.10 Vedtak KU - Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor
16/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006"	30.06.10	Frist 30.06.2011.	30.06.10 Vedtak KU - tinging godkjent, s kryss for operasjonalisering, ber om gj.f.pl. 30.06.10 s. KRYSS 15.09.11 E-post status s/KRYSS 03.11.11 E-post status v/KRYSS-revisjon 02.05.12 E-post frå Sekom til Kryss om status. 02.05.12 Tlf orientering om at høyringsfrist for rdm er rundt 20. mai 2012. 03.05.12 Status frå Kryss. Sjå sak 16/12
21/11 Overordna analyse	16.11.11		16.11.11: Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
11/12 Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU Ber om skriftleg orientering. 11.05.12 s brev til Jølster kommune.
13/12 Eventuelt.	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU – Be kommunen om å leggje møteplan inn på kommunen sin elektroniske møteplan. 11.05.12 s e-post til kommunen.
014/12 Godkjenning innkalling og sakliste.	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Ingen merknadar til innkalling og sakliste.
015/12 Skriv og meldingar.	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
016/10 Forvaltnings revisjonsprosjekt "Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006"	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Det vert vist til revisjonsrapporten «Verknad av organisasjonsendring ved pleie- og omsorgstenesta i 2006», datert 04.09.2012. Funna i rapporten bør brukast vidare i kommunen si planlegging av pleie- og omsorgstenesta, særskilt i samband med samhandlingsreforma. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak.
017/12 Orientering om vintervedlikehaldet v/rådmannen.	28.09.12		- 28.09.12 Vedtak i KU – Kommunestyret viser til brev frå rådmann - Kommunestyret viser til kontrollutvalssak 018/12 Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen til vitande. 01.10.12 Rapport sendt over til kommunestyret med tilråding til vedtak.
018/12 Budsjett for kontrollutvalet i Jølster 2013	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Tilråding til KS, Budsjett for drift av kontrollutvalet kr 30 000,- 01.10.12 sendt til KS.
019/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Jølster	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – teke .til vitande.
020/12 Eventuelt.	28.09.12		28.09.12 Vedtak i KU – Kontrollutvalet vedtek at all utsending av post til medlemmane skal vere elektronisk.

027/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.12.2012	027/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.